

nynorsk • kultursentrum



Årsmelding og rekneskap  
2003

*Ivar Aasen-tunet*  
*Dei Nynorske Festspela*  
*[www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no)*

# Innhald

<b>1. Resultat</b>	<b>3</b>
<b>2. Organisasjon</b>	<b>4</b>
2.1 Råd	4
2.2 Styre	5
2.3 Administrasjon	6
2.4 Rekneskap og revisjon	7
2.5 Verv og formell representasjon	7
2.6 Medlemsskapar	7
<b>3. Situasjonen for nynorsk skriftkultur</b>	<b>8</b>
3.1 Språkdelt norsk kultur	8
3.2 Bruk og utbreiing	9
3.3 Oppfølging av kulturmeldinga fram mot 2013	11
3.4 Viktige uløyste oppgåver	11
<b>4. Mål og strategi</b>	<b>12</b>
4.1 Mål	12
4.2 Strategi som nasjonal institusjon	12
4.3 Ivar Aasen-instituttet	14
4.4 Andre samarbeidspartnarar og nettverk	14
<b>5. Dokumentasjon</b>	<b>15</b>
5.1 Arkiv, bibliotek og samlingar	15
5.2 Dokumentasjon og forskning	17
5.3 Kulturpolitisk arbeid	19
5.4 Nynorskbasen	20
5.5 Artikkelarkivet	20
5.6 Publikumsservice	21
5.7 Foredrag	21
5.8 Trykte og elektroniske skrifter	21
5.9 Fagleg representasjon	22
5.10 Årets nynorskbrukar	24
<b>6. Utstillingar</b>	<b>24</b>
6.1 Basisutstillinga	25
6.2 Temautstillingar	25
6.3 Forfattarpresentasjonar	25
6.4 Vandreutstillingar	26
6.5 Skuletilbod	26
<b>7. Arrangement</b>	<b>27</b>
7.1 Dei Nynorske Festspela	27
7.2 Kulturprogram vår og haust	29
<b>8. Kafé og butikk</b>	<b>30</b>
8.1 Kafé og utleige	30
8.2 Butikk	31
<b>9. www.aasentunet.no</b>	<b>31</b>
9.1 Besøk og bruk	31
9.2 Nettbiblioteket	32
<b>10. Informasjon</b>	<b>32</b>
10.1 Marknadsplan	32
10.2 Presse og kringkasting	33
10.3 Trykksaker	33
10.4 Annonsering	34
10.5 Reiselivssamarbeid	34
<b>11. Besøk</b>	<b>35</b>
11.1 Gjesteprofil	35
11.2 Opningstider	35
11.3 Billettprisar	36
<b>12. Bransjetendensar</b>	<b>36</b>
<b>13. Administrasjon og miljø</b>	<b>37</b>
13.1 Bygg og anlegg	37
13.2 Teknisk drift	38
13.3 Likestilling	38
13.4 Arbeidsmiljø	38
13.5 Ytre miljø	38
<b>14. Økonomi</b>	<b>39</b>
14.1 Investeringar og drift	39
14.2 Samfunnsrekneskap	40
14.3 Sponsoravtalar	41
14.4 Vidare drift	41
<b>15. Disponering av resultat</b>	<b>42</b>
<b>Rekneskap</b>	<b>43</b>
Resultatrekneskap	
Balanse	
Revisjonsmelding	
<b>Vedlegg</b>	<b>49</b>
Statistikk 2003	
Kulturprogram 2003	
Dei Nynorske Festspela 2003	

Framsida: Barn frå Røysmarka studentbarnehage, Volda, på Prøysen-dag i Ivar Aasen-tunet (foto: Torgeir Dimmen)



# 1. Resultat

2003 blei eit nytt steg på vegen mot å finne balansen mellom det daglege strevet og fylle funksjonen som ein nasjonal kulturinstitusjon. Det faglege dokumentasjonsarbeidet prega arbeidsåret. Samstundes førte vi vidare det omfattande og breie kulturprogrammet med kvalitetstilbod til svært ulike målgrupper.

Omsetninga auka med 8 % frå 8,9 mill kr i 2002 til 9,6 mill kr i 2003. Kostnadene steig dessutan med 13 %. Etter seks år med positive driftsresultat gav drifta i 2003 dermed eit underskot på 344 213 kr, mot eit overskot på 82 000 kr i 2002. Eigenkapitalen er dermed redusert til 42 000 kr. I vesentleg grad heng årsresultatet saman med eingongsprosjekt med høg risiko som ikkje gav den utteljinga vi vona. Dessutan gjennomførte vi større vedlikehaldsarbeid enn vi hadde budsjettert med. Resultatet var difor ikkje ein konsekvens av strukturelle trekk som vil kome att år etter år. Trass i dårleg resultat var det mange lyspunkt også i 2003, særleg at vi auka eigeninntektene med 14 % frå året før, og at nettbesøket auka med 63 % frå 2002.

18 400 personar gjesta tilboda våre i 2003, mot 19 100 i 2002. Om lag 3300 eller 18 % av desse var barn og unge.

Samlingane auka med 4 % til om lag 32 000 einingar. Ved utgangen av 2003 var 17 % av samlingane tilfredsstillande registrerte. Artikkelarkivet i Ivar Aasentunet inneheldt ved årsskiftet om lag 1700 artiklar om meir enn 400 personar, institusjonar og organisasjonar, mot 800 klipp eit år tidlegare. Ved inngangen til 2004 var 1300 dokument tilgjengelege på nettstaden vår. Størst var Nettbiblioteket med over 800 tekstar.

Verksemda i 2003 blei prega av eit allsidig faglege arbeid i større grad enn det som var planlagt. Vi satsa særleg mykje på å kome vidare i arbeidet med eit elektronisk, allment leksikontilbod på nynorsk. Om lag 15 større og mindre forskings- og dokumentasjonsprosjekt var i gang med tilknytning til samlingane våre. Redaktør Martin Toft i Uniforum fekk prisen som Årets nynorskbrukar 2003.

I 2003 laga vi 2 nye temautstillingar, 2 nye forfattarpresentasjonar og hadde om lag 50 aktualitetsopplag i basisutstillinga. Også dette året var det noko nytt i basisutstillinga kvar einaste opningsdag. Eldre og nyare temautstillingar blei viste som vandreutstillingar på fem stader i landet.

Dei Nynorske Festspela auka omsetninga med heile 35 % til 1,2 mill kr. Inntektene stoppa på 977 000 kr, og festivalen kom dermed ut med eit underskot på -226 000 kr. Vi sette likevel rekord i både billettsal og annonsesal. Både i kunstnarleg kvalitet og publikumsoppslutning var festspela svært vellukka, med vel 7000 gjester og over 400 utøvarar på 55 arrangement.

Kulturprogrammet hadde ei omsetning på 656 000 kr mot 760 000 kr året før. Inntektene svikta på nokre risikofylte prosjekt, og denne avdelinga kom dermed ut med eit resultat på – 89 000 kr. Utanom Festspela stod vi for 70 eigne

kulturarrangement i 2003, mot 71 året før. Om lag 800 utøvarar var involverte i desse tilstellingane. Vi gjennomførte arrangement i 7 kommunar mot 10 i 2002.

For andre året på rad auka omsetninga i kafé og butikk med 30 % og enda i 2003 på nær 1,2 mill kr. Til saman gav desse to driftsområda eit resultat på 236 000 kr.

Styret la i arbeidet sitt særleg vekt på å utøve sin kontrollfunksjon, forvalte det overordna strategiske arbeidet, delegere avgjerdsmynde i enkeltsaker til administrasjonen, leggje grunnlaget for å gjere den nye institusjonen til ein god arbeidsplass, fremje målretta langtidsplanlegging, og sikre gode allmenne rammevilkår for verksemda. Statstilskotet til drifta for dette året var akseptabelt, men på langt nær nok til å nå målet om full drift.

Nynorsk kultursentrum skal fylle både ei lokal, ei regional og ei nasjonal rolle. Institusjonen ønskjer å spele ei konstruktiv rolle i abm-samarbeidet, og er blitt viktig både i nasjonale og regionale nettverk. Om lag 70 % av driftsmidlane kjem frå det offentlege. Vi legg stor vekt på å gi mykje tilbake til fellesskapen og vere til nytte for mange.

Frå opninga sommaren 2000 fram til utgangen av 2003 har samlingane av bøker, skrifter, foto og tradisjonelle gjenstandar auka frå 14 500 til 32 000. Til saman har vi avvikla over 560 arrangement med til saman om lag 2400 utøvarar og presentert 11 nye, eigenutvikla temautstillingar. Nynorsk kultursentrum har i dette tidsrommet hatt 75 000 gjester og 219 000 unike gjester på nettstaden. Sidan opninga i 2000 har altså nær 300 000 personar nytta tenestene våre.

## **2. Organisasjon**

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stiftinga med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Stiftinga eig og driv desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet
- Dei Nynorske Festspela
- Nettstadene [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) og [www.garborgnett.no](http://www.garborgnett.no).

### **2.1 Råd**

20 stiftarar står bak Nynorsk kultursentrum. Kvar stiftar oppnemner for to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum. Rådet hadde desse medlemmene i 2003 (varamedlemmer i parentes):

#### ***Kommunar og fylkeskommunar***

Hordaland fylkeskommune: Magnar Lussand (Mali Grete N. Aksnes)

Møre og Romsdal fylkeskommune: Jan Magne Dahle (Aud Folkestad)

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Else Kristine Husabø (Lidvin M. Osland)

Volda kommune: Gunnar Strøm (Ingeborg Lyngnes Dahle/Reidun Heimen Heltne)

Ørsta kommune: Ola Perry Saure (Thor Nordang/Monica Ryste Barstad)

### *Forskings- og utdanningsinstitusjonar*

Ivar Aasen-instituttet: Stephen J. Walton (Jan Inge Sørbø)

Høgskulen i Volda: Reidun Høydal (Reidun Aambø)

Møreforskning: Johan Barstad (Reidun Høydal)

Møre Folkehøgskule: Odd A. Steinvåg (Olav Aasen)

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet: Ola Stemshaug (Gunnar Foss)

Universitetet i Bergen: Johan Myking (Knut S. Vikør)

Universitetet i Oslo: Dagfinn Worren (Margit Harsson)

Universitetet i Tromsø: Eirik Liland (Gulbrand Alhaug)

### *Kulturinstitusjonar*

Det Norske Samlaget: Svenn Fosseng (Eli Fiskvik)

Det Norske Teatret: Ola E. Bø (Kristin Eikli)

Sunnmøre Museum: Ingebjørg Røyrihus Øyehaug (Kari Hasle)

### *Målrørsle*

Noregs Mållag: Grete Riise (Steinulf Tungesvik)

Noregs Ungdomslag: Yngve Vadstein (Hallvard Julseth)

Landssamanslutninga av nynorskkommunar: Nils Taklo/Jan Magne Dahle (Vidar Høviskeland)

Vestmannalaget: Svein E. Kvamsdal (Kjell Inge Bjørke)

Arbeidsoppgåvene for rådet er desse:

- Sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet.
- Vedta fråsegner om alle spørsmål som vedrører stiftinga, men ikkje som bindande pålegg til styret.
- Oppnemne to styremedlemmer med varamedlemmer til styret i Nynorsk kultursentrum.
- Gjere framlegg til styret om val av revisor for Nynorsk kultursentrum.

Rådsordførar var Grete Riise. Ottar Grepstad var sekretær. Rådet hadde eitt møte og handsama i alt 8 saker, mot 16 året før. Dei viktigaste sakene var den nye kulturmeldinga og språkpolitiske perspektiv på lese- og skrivekunne.

## 2.2 Styre

Styret i Nynorsk kultursentrum har sju medlemmer med personlege varamedlemmer. Staten v/Kultur- og kyrkjedepartementet oppnemner fire medlemmer, rådet vel to, mens ein medlem blir vald av dei tilsette. Desse sat i styret i 2003:

### *Oppnemnde av Kulturdepartementet 2002 – 2005*

- Kari Bjørke, Oslo, leiar (oppnemnd første gongen 1998) med vara Marie Morken, Bergen (oppnemnd første gongen 2002)
- Kristine Landmark, Ålesund (oppnemnd første gongen 1998) med vara Arvid Blindheim, Vestnes (oppnemnd første gongen 1998)

### *Oppnemnde av Kulturdepartementet 2000 – 2003*

- Geir Atle Ersland, nestleiar, Bergen (oppnemnd første gongen 1998) med vara Jens Kåre Engeset, Ørsta, observatør med møterett (oppnemnd første gongen 1998)
- Olaug Husabø, Tromsø (oppnemnd første gongen 2000) med vara Per Olav Kaldestad, Stord (oppnemnd første gongen 1999)

### *Valde av rådet 2002 – 2005*

- Margit Walsø, Oslo (vald første gongen 2002) med vara Bente Vatne, Ørsta (vald første gongen 1998)

### *Valde av rådet 2002 – 2003*

- Kristian I. Hanto, Bø (vald første gongen 2002) med vara Jan Olav Fretland, Lærdal (vald første gongen 1998)

### *Vald av dei tilsette 2002 – 2003*

- Torgeir Dimmen, Volda (vald første gongen 2000) med vara Kirsti Langstøyl, Ørsta (vald første gongen 2000)

Rådsordfører Grete Riise møtte som observatør på møta.

Styret hadde 4 møte og handsama i alt 58 saker, mot 62 året før. Dei viktigaste sakene var budsjett, rekneskap, årsmelding, innsamlings- og bevaringsplan, langtidsplan for kulturprogram, sponsoravtaler, Nynorsk leksikon, forprosjekt for nytt uteamfi, reglar for arkivering og innsyn, kulturmeldinga og vidareutvikling av nettstaden.

## **2.3 Administrasjon**

I 2003 hadde Nynorsk kultursentrum arbeidsavtale med 25 medarbeidarar, mot 21 året før. Desse utførte 12,6 årsverk mot 10,0 året før.

Desse 12 var fast tilsette i Nynorsk kultursentrum:

Torgeir Dimmen, informasjonsleiar

Ottar Grepstad, direktør

Eirik Helleve, dokumentasjonsleiar

Milan Ilic, avløyser kjøkken (til 31.3.), kjøkkenleiar (frå 1.4.)

Knut-Johann Jørgensen, driftsleiar

Kirsti Langstøyl, bibliotekleiar

Beate Langeland Mork, tunassistent 50 % (frå 1.1.)

Marit Neergaard, formidlingsleiar  
Ingrid I. Opedal, tunvert  
Randi Saure, kjøkkenleiar 72 % (permisjon frå 6.9.)  
Janne Karin Støylen, programansvarleg  
Oddny W. Nupen, sals- og administrasjonssekretær (frå 1.1.)

Desse 12 var tilsette i engasjementsstillingar:

Hanne Mette Dimmen  
Michail Efstathiou  
Ragnhild Engeset  
Kristin F. Husøy, bibliotekar (toårig prosjektengasjement frå 11.8.)  
Ole Jonny Lillebråten  
Synnøve Moltudal  
Anne Mette Myklebust  
Idun Alma Torvik Ramsdal  
Elisabeth Rotevatn  
Solveig Skrede  
Vendel Ulstein  
Anne Kristine A. Vågsholm  
Åshild Widerøe

Ved enkelte høve var desse 12 ekstrahjelpere: Rozik Bahgdasarian, Anna Iren Bondhus, Anastasia Engeset Efstathiou, Ingrid Grimstad Helset, Einy Hjorthaug, Ulrich Håskjold, Thomas Lillås, Vilde Lund Osdal, Nemic Senad, Katharine Teige, Ole Jonny Vik, Ida Renate Moe Worren.

Deltidstilsette utførte om lag 3700 timeverk i 2003, mot 3850 året før.

#### 2.4 Rekneskap og revisjon

Rekneskapen blei ført av Voldaregnskap i Volda. Revisor var statsautorisert revisor Arvid Hovden.

#### 2.5 Verv og formell representasjon

Fagrådet for Ivar Aasen-instituttet: Sigrid Bø Grønstøl  
Nynorsk forum: Ottar Grepstad (leiar)  
Styremedlem i Ørsta reiselivslag: Marit Neergaard  
3. vara i styret i Norges Museumsforbund: Ottar Grepstad  
Forum for nasjonale museer: Ottar Grepstad (sekretær)  
Musea i Møre og Romsdal (MIMR): Eirik Helleve (sekretær)

#### 2.6 Medlemsskapar

Nynorsk kultursentrum var i 2003 medlem av desse institusjonane:

- BIBSYS
- Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP)
- Musea i Møre og Romsdal (MIMR)
- Norges Museumsforbund



- Norsk KulturhusNettverk (NKN)
- UNINETT
- Ørsta reiselivslag

## **3. Situasjonen for nynorsk skriftkultur**

Den viktigaste endringa for nynorskbrukarane i 2003 var at eit årelangt arbeid frå mange hald for nynorskversjonar av mykje brukte dataprogram no gav resultat. Både det Linux-baserte programpakken OpenOffice og den Windows-baserte Office-pakken kom på nynorsk hausten 2003. Det kan få ein langvarig og positiv verknad at regjeringa i kulturmeldinga som blei lagd fram i august 2003, tok til orde for ei systematisk satsing av nynorsk skriftkultur fram mot 2013.

### **3.1 Språkdelt norsk kultur**

Nynorsk er meir enn eit språk. Nynorsk er ikkje berre ein skriftkode og ein variant av norsk, nynorsk er òg ein heil skriftkultur som har fått sitt kulturelle særpreg gjennom 150 års bruk og utvikling. Nynorsk og bokmål er utgangspunktet for kvar sin skriftkultur som har levd gjennom eit langvarig motsetnadsforhold og stått mot kvarandre på fleire punkt: talemålsgrunnlag, nasjonalt utgangspunkt, sosiokulturelt ankerfeste, geografisk utbreiing, talet på brukarar, allmennpolitisk grunnlag m.m. Og ikkje minst er nynorsk skriftkultur prega av å heile tida å ha stått i ein mindretalsposisjon i Noreg. Når ein med omgrepet *målform* talar om nynorsk og bokmål som to ulike *former* av *eitt* språk, 'norsk', står ein i fare for å underkommunisere at det også er to ulike skriftkulturar ein snakkar om innanfor den språkløyvde norske kulturen. Nynorsk kultursentrum legg stor vekt på påliteleg dokumentasjon av tilstanden for nynorsk skriftkultur. Generelt trengst det meir kunnskapsbasert argumentasjon om og for nynorsk.

Nynorsk er eit mindre brukt språk i Noreg, men eit stort skriftspråk i verda. Nynorsken skil seg frå så godt som alle andre språk som blir brukte av eit mindretal på eit svært vesentleg punkt: Det finst så mange institusjonar og organisasjonar som sikrar kontinuitet og systematisk vidareutvikling av den nynorske skriftkulturen. På mange område står kanskje den nynorske skriftkulturen svakare enn midt på 1900-talet. Men denne skriftkulturen er no meir integrert i det norske samfunnet enn tidlegare.

Institusjonane si rolle endrar seg i samfunnet, men vi kjem ikkje bort frå at det trengst tunge, institusjonelle reformer også i framtida. Desse reformene må særleg ta sikte på å halde ved like og styrkje bruken av nynorsk i dei såkalla kjerneområda, slik at nynorsken kan halde på det fofestet den har fått, og dei må ta sikte på å halde oppe og styrkje statusen og bruken til nynorsk på nasjonalt plan for å halde oppe nynorsk som reelt nasjonalmål. Berre institusjonar med nynorsk skriftkultur som øyremerkt oppgåve vil systematisk følgje opp dei språk- og kulturpolitiske forpliktingane over tid og styrkje denne skriftkulturen.

Kvart tiår har hatt sine store kulturpolitiske reformer til fordel for nynorsk skriftkultur. I 1980-åra var nybygget til Det Norske Teatret ei slik reform, liksom realiseringa av Ivar Aasen-tunet var det i 1990-åra. Det er brei semje i nynorskmiljøa om at eit allment Internett-leksikon på nynorsk er det viktigaste nye institusjonelle tiltaket fram mot 2005.

Nynorsk kultursentrum legg vekt på å ta initiativ som kan prege utviklinga av nynorsk skriftkultur og den praktiske situasjonen for nynorskbrukarane. Alt arbeid blir utført i nær kontakt med andre nynorskinstitusjonar.

### 3.2 Bruk og utbreiing

Stoda for nynorsk i det norske samfunnet i dag kan truleg oppsummerast med at språket aldri har stått så sterkt som i dag. Tilstanden for den nynorsk skriftkulturen er stabil, men krevjande.

Eitt grunnleggjande skilje i den norske samfunnsstrukturen går mellom privat og offentleg. Eitt tilsvarande grunnleggjande skilje i språkbruk går mellom skrift og tale. Desse to aksane, offentleg – privat og tale – skrift, kan plasserast som ein loddrett og ein vassrett akse i ein matrise av skriftkulturelle samfunnssegment:

- Offentleg skrift
- Privat skrift
- Offentleg tale
- Privat tale

Med *offentleg* meiner vi verksemd som er regulert av lover eller regelverk, eller som er nøye knytt til verksemda i offentlege institusjonar, eller som er styrt av vedtak som nokon gjer på vegner av alle som følgje av fastsette prosedyrar. *Privat* viser dermed både til privat sektor i tradisjonell forstand og til dei delane av offentleg sektor som ligg utanfor det som blir regulert av lover, regelverk eller kollektive vedtak.

Etter kvart er den munnlege praksis i Noreg blitt å tale dialekt nær sagt i alle samanhengar, og den eine av dei offisielle norske målformene har ikkje ein gong nokon sterk tradisjon for normert tale. Dette er eit særstykke i Europa, men gjer det ikkje let å kategorisere nynorsk eller nynorsk nær tale.

Nynorsk kultursentrum har over tid utvikla dokumentasjon om nynorskens utvikling langs om lag 15 variablar der vi nokolunde sikkert kan følgje utviklinga for nynorsk skriftkultur over lang tid, dvs. over fleire tiår. Generelt veit vi meir om bruken av nynorsk i skrift enn i tale, og vi veit meir om offentleg tale enn om privat tale.

For samfunnssegmentet *privat tale* er tala få og berre delvis relevante for ei forståing av den uformelle munnlege bruken av nynorsk og dialekt nær nynorsk. Gjennom meningsmålingar veit vi ein del om privat skriftleg bruk, men den private munnlege bruken utgjer framleis lite anna handfast enn aningar og sannsynleggjingar. Eitt av få handfaste fakta er kor mange stortingsrepresentantar som vil refererast på nynorsk. Korleis publikum plasserer eigen tale i høve til skiljet

mellom nynorsk og bokmål, ville i det minste gi noko å byggje vidare resonnement på. Her gjallar altså rop etter meir dokumentasjon og forskning.

På området *privat skrift* står brukarane formelt fritt til å bruke det skriftspråket dei ønskjer. Den reelle valfridommen er absolutt ikkje alltid til stades. Bruken av nynorsk i dette samfunnssegmentet held seg helst i området 5 – 15 %. Det siste tiåret er det blitt gjennomført tre større meiningsmålingar som syner at den private bruken av nynorsk i skrift ligg kring 14 % og iallfall ikkje har gått tilbake mellom 1995 og 2002. På Internett er 6 % av alle norskspråklege sider på Internett på nynorsk. Trass i at både mengda av domene og dokument på Internett har auka kraftig dei siste åra, ligg prosentdelen nokså fast. Tekstar frå offentleg forvaltning har truleg mykje å seie for dette.

Ei av dei få tydelege endringane finn vi nettopp innanfor privat skrift. Nynorskbrukarane blant dei vernepliktige på sesjon har utgjort knapt 10 % i lengre tid. No svingar tala meir, mellom 9 og 12 % på få år. Det kan ha minst to grunnar. Den eine er at rekrutteringa av vernepliktige har endra seg i seinare år. Den andre grunnen er at det ikkje blir halde sesjon i alle kommunar kvart år, og at det difor blir ein del vilkårlege utslag.

På kunstens område er nynorsk ei nesten heilt ikkje-kontroversiell sak. Utanfor kunsten er det derimot fritt fram for heile repertoaret frå tolerant likesæle til repressiv intoleranse. Der kunsten har misst taket, tek makta over. Ei allmenn oppfatning om forholdet mellom kunst og samfunn er at kunsten er marginalisert. Viss det er ei dekkjande framstilling, vil det seie at nynorsk er mest akseptert der den har minst å seie.

For målrørsla blei nynorsk i *offentleg tale* tidleg viktig innanfor det kyrkjelege, mens det først var med radio og særleg TV at dette også blei viktig innanfor det verdslege. For offentlig tale ligg bruken av nynorsk mest i området 10 – 25 %.

Det er i området *offentleg skrift* det har vore lettast å etablere den nye skriftkulturen, først og fremst av di ein sterk stat samstundes var under bygging. Av same grunn er det her vi lettast finn historisk materiale. Det syner at bruken fordeler seg frå 5 % like inn til 30 %.

Framstillinga opnar for den konklusjonen at nynorsk iallfall er eit 15 %-språk. Jamt over er det langt att til symbolgrensa 25 %, og det er like utenkjeleg at nynorsk blir eit 50 %-språk som at det blir heilt borte. Nynorsk både er og har vore det dominerande språket i delar av landet. I nasjonal målestokk er likevel nynorsk eit mindre brukt språk, slik det alltid har vore, sjølv om det er eit stort språk i verda. Alt etter kva vi måler, ligg nynorsk ein stad mellom 10 og 20 %.

Bruken av nynorsk i offentlig skrift strekkjer seg mot høgare prosenttal enn bruken av nynorsk i privat skrift, medan vurderinga av forholdet mellom offentlig og privat tale er avhengig av korleis vi ser på samspelet mellom nynorsk og dialekt. Meir privatisering og avregulering av offentlig sektor fører for sin del til at dei private samfunnssegmenta blir ein stadig viktigare arena for nynorsk skriftkultur.

### 3.3 Oppfølging av kulturmeldinga fram mot 2013

Av dei sju kulturmeldingane som er lagde fram i Noreg sidan 1972, er *St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014* den første som i stor breidd tematiserer nynorsk skriftkultur, og meldinga gjer det på ein måte som er på høgd med si eiga samtid. Det er også den første kulturmeldinga som går grundig inn på språkpolitikk.

Vi deler den situasjonsanalysen regjeringa presenterer i meldinga, og vi er glade for den viljen til språkpolitikk som her kjem til uttrykk. Særleg verdifullt er kapittel "12.7 Aktiv støtte til nynorsk skriftkultur" med sitt tiårsperspektiv:

I 2013 er det 200 år sidan Ivar A[a]lsen vart fødd, og det tiåret som står att fram til dette jubileet, kan vera eit høveleg tidsperspektiv for eit meir systematisk arbeid med å styrkja den nynorske skriftkulturen. Eit slikt arbeid må skje over eit breitt felt, gjennom eit sampel mellom private og offentlege aktørar.

Dette sluttar vi oss til. Eit meir systematisk arbeid føreset at dei aktørane som særleg er involverte, har nokolunde sams mål å arbeide mot. Får situasjonsanalysen i kulturmeldinga brei tilslutning i Stortinget, trur vi det også er mogleg å etablere brei semje mellom private og offentlege aktørar om både mål og tiltak.

Nynorsk kultursentrum er derimot ikkje nøgd med den måten språkpolitiske perspektiv blir følgde opp i ulike enkeltprosjekt. Verken i utgreiinga om Norsk digitalt bibliotek eller i den vidare oppfølginga ser det ut til at ABM-utvikling tek slike omsyn. Slik kunne vi diverre halde fram. Av omsyn til norsk kultur allment og nynorskbrukarane spesielt kan det ikkje halde fram slik.

Eit typisk trekk for nynorsk skriftkultur er at der er mange handlekraftige miljø og mange institusjonar, men at det alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorskinstitusjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere avhengig av målretta offentleg støtte.

Det kulturmeldinga manglar, er tydelege føringar som forpliktar budsjettpolitisk. Meldinga må følgjast opp med reie pengar gjennom dei årlege løyvingane over statsbudsjettet. Ei systematisk tiårssatsing krev større tiltak enn dei som kan realiserast gjennom årlege løyvingar.

### 3.4 Viktige uløyste oppgåver

Dei språklege og kulturelle utfordringane kan i prinsippet delast i to: Dei som gjeld heile det norske språksamfunnet (både bokmål og nynorsk), og dei som gjeld nynorsk aleine. Der er fleire trugande utviklingsdrag som rettar seg meir einssidig mot nynorsk, som den veikaste parten:

- *Marknadsmakt og kommersialisering avløyser offentleg styring* og nynorsk skriftkultur blir som regel taparen når ein fri marknad gir den sterkaste rett.
- *Sentraliseringa* på dei aller fleste områda i det norske samfunnet fører til at det er bokmålsområda som styrkjer seg på kostnad av nynorskområda, som i større grad er spreiddbygde.

- For nynorskens del er det mindre tale om domenetap enn at det er *ein del domene der nynorsk enno ikkje har fått fotfeste*. Innanfor kultursektoren gjeld det sentrale felt som dei største riksavisene, veke- og fagpressa, filmindustrien og det meste av underhaldningsindustrien, ikkje minst den som er retta mot born og unge.
- Så godt som *alle nynorskinstitusjonar er små* og utan tilgang til privat kapital. Dei har dermed dårlege føresetnader for å møte ein situasjon med hardare tevling mot kommersielle bokmålsaktørar på sine felt. Alle tunge nysatsingar i desse institusjonane er avhengige av offentleg finansiering og politisk velvilje.

Den nynorske skriftkulturen treng nye tiltak for å tryggje og styrkje sin eigen posisjon. Slike nyvinningar må ikkje gå på kostnad av etablerte institusjonar og ordningar som er velfungerande og som har vist seg å vere føremålstenlege, så som Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret. Både ein del generelle støtteordningar og meir selektive tiltak må haldast oppe og styrkjast, viss det skal gi meining å tale om at begge dei norske skriftspråka skal haldast i hevd.

Nynorsk kultursentrum legg vekt på å ta initiativ som kan prege utviklinga av nynorsk skriftkultur og den praktiske situasjonen for nynorskbrukarane. Mest mogleg av arbeidet blir utført i nær kontakt med andre nynorskinstitusjonar. Vi har i tidlegare årsmeldingar peikt på desse oppgåvene som vi meiner er særleg viktige:

1. Allment Internett-leksikon på nynorsk
2. Språkleg jamstelling også innanfor IKT
3. Betre sidemålsundervisning
4. Lesestimuleringstiltak som er retta særleg mot barn og unge med nynorsk som hovudmål
5. Auka løyvingar til allmenne støtteordningar som har sær sars mykje å seie for nynorsk skriftkultur

Det er eit godt grunnlag for vidare arbeid med desse sakene at regjeringa Bondevik viser til dei same viktige oppgåvene i kulturmeldinga.

## **4. Mål og strategi**

### **4.1 Mål**

Nynorsk kultursentrum arbeider for tre mål:

1. Gjere det lettare å vere nynorskbrukar
2. Styrkje den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane
3. Skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur

### **4.2 Strategi som nasjonal institusjon**

Strategien vår er at Nynorsk kultursentrum skal vere den institusjonen alle vender seg til som ønskjer informasjon og dokumentasjon av nynorsk språk og skriftkultur, og nytenking om språk- og kulturpolitiske strategiar. Dette inneber at

- a) Ivar Aasen-tunet skal vere målet for alle og ein attraktiv stad for publikum som etterspør fagleg baserte tilbod av typen arrangement og utstillingar,

- b) Dei Nynorske Festspela skal vere ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen med dei beste forfatarane, den gode musikken og dei uventa bileta, og at
- c) [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) skal vere den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert digital informasjon om nynorsk skriftkultur.

Måla våre er allment viktige og peikar i retning av nasjonale oppgaver som vi prøver å løyse. Vi har svært vide samarbeidsflater, er ein offentleg aktør som av andre blir oppfatta som truverdig, påliteleg og løysingsorientert, og vi driv ei samla verksemd som er mindre stadbunden enn for mange abm-institusjonar vi kan samanliknast med. Kwart år arrangerer vi ulike publikumstilbod i eit titals kommunar, vi tilbyd kulturprogram og utstillingar til andre arrangørar landet rundt, og vi er motoren i fleire viktige nasjonale nettverk.

Både formelt og gjennom praksis er Nynorsk kultursentrum ein nasjonal institusjon. Det står 20 stiftarar bak stiftinga Nynorsk kultursentrum. Blant dette finn vi alle dei fire universiteta, alle dei viktige nynorskinstitusjonane, fleire fylkeskommunar og kommunar, og fleire forskingsinstitusjonar. Desse stiftarane utgjer i seg sjølv ei viktig samarbeidsflate for oss.

Vi skal ha nasjonal spisskompetanse på dokumentasjon på nynorsk om nynorsk, med særleg vekt på kulturhistorie i vid tyding, det regionale og det biografiske. Vi skal vere tilgjengelege, synlege og til nytte for nynorskbrukarane og for andre som ønskjer å bruke tenestene og kunnskapen vår. Vi ønskjer å knyte til oss enkeltpersonar utanfor institusjonen som ein del av den kompetansen vi har til rådvelde for å løyse dei faglege hovudoppgåvene fram mot 2013.

Både økonomisk og på anna vis er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden. Både massemedia og andre har lett for å oppfatte slike institusjonar som lokale, sjølv om ein nasjonal institusjon i Oslo kan ha eit like avgrensa nedslagsfelt. Vi må difor bruke ein god del ekstra tid og pengar, ikkje minst reisekostnader, for å gjere den nasjonale profilen mest mogleg tydeleg.

Nynorsk kultursentrum vil spele ei sjølvstendig og kritisk rolle i høve til styresmaktene. I dette ligg at vi vil vere ein aktør i den norske offentlegheita både nasjonalt, regionalt og lokalt, og på vår måte kritisk og konstruktivt vere med og styrkje den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet. Det er ikkje vår oppgåve å utøve noko forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfelta våre, men tvert om øve press mot dei som har det ansvaret. Staten kan på si side ikkje påleggje institusjonen å gjennomføre bestemte tiltak innanfor norsk språkpolitikk. Derimot kan og vil Nynorsk kultursentrum stille sin kompetanse til rådvelde for tiltak som kan styrkje nynorsk skriftkultur.

Ivar Aasen-tunet som opplevingscenter omfattar både utstillingar, kulturprogram, festspel, butikk og kafé. I verksemda vår er det likevel ikkje eit skarpt skilje mellom formidling og fagleg arbeid, eller mellom dokumentasjon og oppleving. Innhaldet i publikumstilbodet kan ikkje berre målast i publikumstal. Det er også viktig at arrangement, utstillingar og tilbodet i kafé og butikk er av høg kvalitet. Mange av arrangementa våre hadde ikkje blitt til om ikkje vi hadde skipa dei til, og det kunstnarlege nivået på tilskipingane er jamt over høgt. Vi legg vekt på

å skipe til både arrangement og utstillingar som har gjenbruksverdi, slik at dei kjem til nytte i det vidare faglege arbeidet.

Ivar Aasen-tunet som dokumentasjonscenter har to hovudoppgåver: Sørgje for at viktig dokumentasjon blir tatt vare på og bevart for framtida, og sørgje for at viktig dokumentasjon blir aktivisert og teken inn i kulturskapande verksemd. Dette dokumentasjonscenteret vil ha eit digitalt tyngdepunkt i nettstaden [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) som blir gradvis bygt ut i åra 2002 – 2004. Nettstaden vil ha svært mykje å seie for rolla til Nynorsk kultursentrum som nasjonal dokumentasjonsinstitusjon. Publisering av ulike typar tekstar vil prege nettstaden:

- Nøkkelteklar frå den nynorske skriftkulturens historie, både sakprosa og skjønnlitteratur
- Spesialskrivne artiklar om sentrale emne innanfor nynorsk skriftkultur
- Basistekstar på fleire språk om Ivar Aasen og nynorsk
- Talar, artiklar og nyheitsstoff frå eiga verksemd

Kvalitet skal vere eit særmerke for all verksemd i regi av Nynorsk kultursentrum.

Nyvinningane til fordel for nynorskbrukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald. Nynorsk kultursentrum legg sterk vekt på samarbeid og samordning med både den organiserte målrørsla og sentrale nynorskinstitusjonar om oppgåver som kan gi resultat.

### 4.3 Ivar Aasen-instituttet

Ivar Aasen-instituttet var også i 2003 ein viktig fagleg samarbeidspart for Nynorsk kultursentrum. Med mastergradsstudiet i nynorsk skriftkultur er instituttet no blitt eit stort fagmiljø. Det viktigaste samarbeidstiltaket i 2003 var eit seminar om religiøs ambivalens i nynorsktradisjonen som samla eit fagleg breitt publikum, frå prostar til forskarar og kunstnarar. Vi var aktivt med på dei første opne drøftingsmøta om prosjektskisser frå dei tre doktorgradsstipendiatane Jens Johan Hyvik, Oddmund L. Hoel og Aase Norunn Digernes til historia om norsk målreising 1739 – 2005, og hadde også eit eige planleggingsmøte med dei om bruk av samlingane våre. Av praktiske grunnar blir samarbeidsavtalen 2001 – 2002 først fornya i 2004.

### 4.4 Andre samarbeidspartnarar og nettverk

Nynorsk kultursentrum representerer ein total abm-institusjon som driv både arkiv, bibliotek, museum, festival og nettstad, og som har drive ulike nettverk like sidan 1997. Vi blei ei konsolidert eining alt i 2000 då vi tok over ansvaret for det truleg eldste personmuseet i landet, Ivar Aasen-museet.

Nynorsk kultursentrum har mange ulike brukarar av våre tenester og vår kompetanse, og vi samarbeider på ulike måtar med svært mange institusjonar og miljø. Det kjem jamt fleire førespurnader utanfrå om samarbeid, råd og hjelp. Vi er

ikkje i den situasjonen at vi må by oss fram, men tvert om i aukande grad velje kritisk kva vi kan og bør engasjere oss i av initiativ og førespurnader utanfrå.

Dei fleste tiltaka Nynorsk kultursentrum gjennomfører, involverer såleis ulike samarbeidspartnarar. Årleg har vi jamleg og målretta kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemder. Desse held til i nærmare 20 kommunar: Bergen, Eid, Flora, Førde, Hareid, Herøy, Høyanger, Jølster, Leikanger, Molde, Oslo, Stord, Stryn, Suldal, Ulstein, Volda, Ørsta, Ålesund.

Vi er med i både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk. I 2003 var dette dei viktigaste: Nynorsk Forum, Forum for nasjonale museer, Norsk KulturhusNettverk og Litterære museum i Norden.

## **5. Dokumentasjon**

Med den utoverretta profilen til Ivar Aasen-tunet er det kunstig å skilje skarpt mellom formidling, oppleving og fagleg arbeid. Alle tilsette utfører fagleg arbeid. Meir gjennom fagleg arbeid og temautstillingar enn gjennom kulturprogrammet kan Nynorsk kultursentrum spele ei rolle nasjonalt og internasjonalt. Den spisskompetansen på dokumentasjon av nynorsk skriftkultur som skal vere vårt varemerke, blei utvikla vidare i 2003. Vi registrerer at Nynorsk kultursentrum i ein del viktige miljø er blitt eit kvalitetsargument.

### **5.1 Arkiv, bibliotek og samlingar**

Gjennom året auka samlingane med totalt 1333 titlar frå 30 732 i 2002 til 32 065 i 2003. Omgrepet *titlar* dekkjer både enkeltbøker, verk som inneheld fleire band, tidsskrift, originaldokument, arkiveiningar og enkeltgjenstandar. Av desse samlingane var 5360 titlar tilfredsstillande registrerte ved utgangen av året, dvs. 17 % av samlingane, mot 10 % i 2002.

Samlingane femner om både kulturhistoriske gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi. Tilveksten av kulturhistoriske gjenstandar var på 1033 titlar, i form av trykte skrifter (978), AV-media (CD-ROM, musikk-CD-ar og lydbøker på CD; i alt 33), arkivmateriale (22 kartongar avisklipp i Djupedal-samlinga, eit etterslep frå 2002) og registrering av delar av samlingane. Det var ingen auke i talet på kunsthistoriske gjenstandar i 2003, medan fotografi auka med 300 titlar. Mest heile denne auken skriv seg frå ei samling fotografi som er under oppbygging, og som ved årsskiftet inneheld 972 fotografi, mest digitale foto av bygningar og utstillingar og frå verksemda i Aasen-tunet.

Biblioteket kjøpte i 2003 inn 244 bøker og skrifter og 4 AV-media, mot 265 og 18 i 2002. Biblioteket abonnerte på 61 tidsskrift og årbøker, ein auke på 16 i høve til 2002. Frå lokale bibliotek, Nasjonalbibliotekets gjenbruksbase, privatpersonar, forlag, institusjonar og organisasjonar fekk Nynorsk kultursentrum dette året 340 bøker, skrifter, tidsskriftårgangar, AV-media og arkivkartongar i gåve.



Den einaste tilveksten av tradisjonelle gjenstandar i 2003 var eit nystøypt eksemplar av Augusta Finne sin Aasen-byste som ho første gongen viste på Statens kunstutstilling i mars 1896. Eksemplaret blei laga av gipsoriginalen som Det Norske Samlaget eig.

Biblioteket hadde totalt 145 *utlån* i 2003. Utlånet omfatta utlån til dei tilsette og til utstillingar frå egne samlingar og utlån av litteratur innlånt frå andre bibliotek. Det blei tinga og motteke 13 *innlån* frå andre bibliotek dette året. Det kom ingen ønskje om lån eller kopiar frå våre samlingar frå andre bibliotek. Talet på tingingar frå og utlån til andre bibliotek vil framleis vere lågt fordi vi inntil vidare ikkje låner ut noko frå samlingane våre.

Samlingane i Ivar Aasen-tunet er sett saman av egne kjøp, gåver og fleire større delsamlingar. Dei viktigaste av desse er:

- Ivar Aasen-samlinga: 225 gjenstandar og om lag 2400 bøker og skrifter.
- Reidar Djupedal-samlinga: om lag 16 000 band (medrekna vel 2600 særprent, småtrykk og periodika), 218 originale Aasen-dokument og 22 kartongar med avisklipp.
- Sivert Aarflot-arkivet: over 2000 originaldokument i 43 arkivboksar, m.a. mange Aasen-dokument. Arkivet er deponert av Sivert Aarflot-museet, i første omgang fram til 2005.
- Delar av Norsk boksamling, gjerne kalla Anton Aure-samlinga: om lag 5000 band med bøker og skrifter utgitt etter 1935, og 2200 årgangar av 146 ulike aviser, blad og tidsskrift frå perioden 1877–1972. Samlinga er deponert av Det Norske Samlaget, i første omgang fram til 2010. Vi reknar med å kunne ta imot resten av Aure-samlinga i 2005 eller 2006.
- Noregs Mållag sitt avisklipparkiv frå 1983 til dags dato: 155 kassetar og permar. Samlinga blir supplert jamleg av Noregs Mållag.

Av plassgrunnar fører Nynorsk kultursentrum ein svært restriktiv tilvekstpolitikk for større bokgåver og arkivmateriale. Kvart år får vi tilbod vi må takke nei til. Blant gåvene i 2003 nemner vi særskilt at vi i samband med planlegginga av det komande hundreårsjubileet for Eirik Vandvik (1904-1953) fekk ein kartong med manuskript frå familien ved Jorunn Vandvik Johnsen. Manuskripta er ikkje ordna eller registrert.

Talet på titlar gir avgrensa informasjon om kor store samlingane er fysisk. Vi bruker difor i nokre samanhengar også omgrepet *band/eksemplar*, der vi til dømes tel med enkeltteksemplar av særprent, enkeltårgangar av aviser, tidsskriftnummer m.m.

Arbeidet med å registrere bøker og tidsskrift i BIBSYS tok til i 2001. Systemet blei teke i bruk i samband med tinging, mottak og katalogisering av nye bøker og tidsskrift. Opplysningar som gjeld eitt eksemplar av eit dokument blir kalla ein dokumentpost og blir identifisert av eit DOKID. Talet på DOKID svarar til talet på eksemplar som er registrert i basen. Ved utgangen av 2003 var det registrert totalt 2754 DOKID i BIBSYS for biblioteket vårt.

I 2003 blei det registrert 1822 DOKID med bibliotekkode *wb* og kortforma AASENTUN i BIBSYS, mot 571 i 2002. Av DOKID registrert i 2003 fekk 1772

status som katalogisert. I tillegg blei 66 DOKID registrert i 2000-2002 katalogisert i 2003. Til saman blei 1838 band/eksemplar registrerte i BIBSYS i 2003, av desse var 1176 frå Djupedal-samlinga.

I 2003 registrerte vi elles 387 nye titlar med særprent, småtrykk og periodika frå Djupedal-samlinga. Til saman er no 2614 titlar med særprent, småtrykk og periodika registrert i Djupedal-samlinga.

I april fekk vi positivt svar på søknaden til Norsk kulturråd om midlar til registrering av Djupedal-samlinga. Eit toårig engasjement som bibliotekar blei lyst ut i mai, og 11.8. tok bibliotekar Kristin F. Husøy til i stillinga.

Skjønnlitteraturen frå Djupedal-samlinga blei saman med resten av skjønnlitteraturen plassert i bokveggen på mesaninen. Ein del eldre og skadde skjønnlitterære bøker blei plasserte i magasinet. Islandsk og færøysk skjønn- og faglitteratur blei også sett opp i bokveggen inntil vidare. Alle periodika frå Djupedal-samlinga og elles blei sette saman i éi samling i magasinet.

Det første vi prioriterer å registrere frå Djupedal-samlinga er faglitteraturen. Litteratur innanfor språk-, litteraturvitskap og folkeminne har blitt registrert først. Innimellom registreringsarbeidet må ein også sortere og flytte på bøker innanfor dei ulike faggruppene. Frå august til desember blei 1072 monografititlar (1276 band /eksemplar) frå Djupedal-samlinga registrert. Legg ein dette saman med særprent-, småtrykk- og periodikatitlar som blei registrert i 2002 og 2003 blir talet på registrerte Djupedal-titlar ved utgangen av 2003 totalt 3686 titlar. Fysisk utgjør dette 11 542 band/eksemplar ved utgangen av 2003.

Styret vedtok i juni *Innsamlings- og bevaringsplan nr. 2 2003 – 2005*.

## 5.2 Dokumentasjon og forskning

Arbeidet med å registrere samlingane i Ivar Aasen-tunet er godt i gang, men det vil ta lang tid før alt er registrert. Inntil Djupedal-samlinga er ferdig registrert, har samlingane våre størst bruksverdi for våre egne tilsette og for tilsette, forskarar og studentar ved Ivar Aasen-instituttet.

I 2002 vedtok styret *Dokumentasjons- og forskingsplan nr. 1 2002 – 2004*. Museum driv kunnskapsbasert formidling. I systematiske og kritiske former utviklar dei eigen kunnskap, basert på samlingane sine. I seinare år er dokumentasjon blitt ein stadig viktigare funksjon for musea, men omgrepet *dokumentasjon* har enno ikkje fått nokon etablert definisjon. I den nyaste større museumsutgreiinga, *NOU 1996:7*, ser det berre ut til å vere brukt i samband med identifisering, bestemming og registrering av gjenstandar, altså som eit synonym for systematisk registrering. I planen vår har vi prøvt å gi omgrepet eit meir presist innhald: "Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor dei emna ein abm-institusjon konsentrerer seg om. Denne bearbeidinga kan omfatte omtale, fagleg beskrivelse og analyse." Dokumentasjon omfattar dermed også systematisk arbeid med immaterielle data, til dømes statistikk eller analysar. I eit slikt perspektiv blir skiljet mellom dokumentasjon og forskning lite skarpt. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarens

metodar, men presenterer sjeldan materialet sitt i forskarens sjangrar, som avhandlingar eller vitskaplege artiklar.

Dokumentasjon og innsamling heng saman og viser til to ulike deler av same prosessen. Dokumenteringa tek til når innsamlinga sluttar, altså når gjenstanden er komen i hus. Dokumentasjonsarbeidet skal dekkje både fortid og samtid. I dokumentasjonsarbeidet er vi meir føremålsretta enn forskarar skal eller treng vere. Det vi dokumenterer, skal helst kunne brukast til noko, anten av oss sjølve eller av utanforståande.

I 2003 var desse dokumentasjonsprosjekta i gang i vår eigen regi:

- *Nynorsk faktabok 1998* er den mest omfattande og pålitelege statistiske dokumentasjonen av nynorsk skriftkultur som er blitt laga. Frå ulike brukarar og institusjonar aukar etterspurnaden etter oppdatert informasjon.
- *Årstale nr. 3 om tilstanden for nynorsk skriftkultur* blei halden i september 2003. Dette er den einaste årstalen i heile kultursektoren. I talen presenterte vi m.a. nytt og ukjent stoff om nynorskbrukarane si redaksjonelle rolle i NRK, og nye perspektiv på nynorskens brukshistorie.
- *Nettbiblioteket* (frå 2001): Den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk.
- *Ivar Aasens samla verk* (frå 2002): Skrifter i samling av Ivar Aasen er tilgjengelege på nettstaden vår.
- *Arne Garborgs dagbøker 1905 – 1924* (frå 2002): Desse dagbøkene er tilgjengelege på nettstaden vår.
- *Nynorske dikt og songar* (frå 2001): Arbeidet med å samle inn diktarane sine siste versjon av klassiske dikt og songar heldt fram og blir no etter kvart publiserte på nettstaden. For songane sin del tek vi også med tilrådd versjon i moderne rettskriving.
- *Ivar Aasen-bibliografi* (frå 2002): Ein selektiv bibliografi frå 1977 blei i 2002 oppdatert fram til dags dato, og blir no oppdatert årleg.
- *Kulturell toleranse* (frå 2002): Dokumentasjonen frå årstale nr. 2 om forholdet mellom nynorskbrukarar og innvandrar kom til nytte i det kulturpolitiske arbeidet også i 2003.
- *Det nynorske Noregskartet* (frå 2002): Vi arbeider med ein geografisk-kronologisk studie som syner korleis nynorsken blei teken i bruk, ut frå tidspunkt for innføring av nynorske skulekrinsar, Blix-salmar og nynorsk liturgi.
- *Versjonar, variantar og tradering av "Nordmannen"* (NY 2003): I dette prosjektet gjer vi greie for historia om denne mykje brukte allsongen, m. a. med grunnlag i originalkjelder som finst berre i Ivar Aasen-tunet.
- *Jakob Sande mellom det folkelege og det intellektuelle* (NY 2003): Vi utforma i 2003 ein analyse av dette emnet som blei framført i foredrag sommaren 2003 og blir publisert i bokform i 2004.

- *Glimt frå saga til Ivar Aasen-museet 1897 – 2000* (NY 2003): Tidlegare museumsstyrar Jens Kåre Engeset skreiv dette historiske oversynet med grunnlag i m.a. kjeldemateriale som finst berre i Ivar Aasen-tunet.

I 2003 var desse eksterne forskings- og dokumentasjonsprosjekta i gang med utgangspunkt i samlingane våre

- *Mastergrad i skriftkultur* (frå 2002): Hausten 2003 tok Ivar Aasen-instituttet opp ti nye studentar i det mastergradsstudiet i nynorsk skriftkultur som blei sett i gang hausten 2002. Studentane kjem i aukande grad til å bruke samlingane våre aktivt, og det kan bli aktuelt med både førelesingar og anna fagleg arbeid frå vår side.
- *Biografi om Elias Blix* (frå 2002): Anders Aschim skriv på ein biografi om Elias Blix og var ofte i kontakt om materiale frå samlingane våre.
- *Det opne språket* (NY 2003): Ivar Aasen-instituttet sette hausten 2003 i gang dette forskingsprosjektet om norsk målreisingssoge 1739 – 2005 med tre doktorgradsstipendiatar. Desse kjem til å bruke ulike delar av samlingane våre.

### 5.3 Kulturpolitisk arbeid

Både som abm-institusjon og dialoginstitusjon utvikla vi verksemda endå meir i retning av det nasjonale og internasjonale i 2003, utan å misse den lokale og regionale velviljen og legitimiteten. Vi gjennomførte eit svært omfattande og allsidig kulturpolitisk arbeid i 2003, og tok opp fleire aktuelle saker med styresmaktene. Særleg arbeidde vi på ulike måtar med prosjektet *Nynorsk leksikon*. Vi følgde også opp arbeidet frå hausten 2002 med innspel til *kulturmeldinga* som regjeringa la fram i august. Meldinga blei drøfta i både råd og styre for oppfølging i open høyring i Stortinget vinteren 2004. Vi tok også fatt på arbeidet med å planleggje tiltak fram mot *hundreårsjubileet til Noregs Mållag i 2006*. Andre større prosjekt:

- Vi arrangerte 12.3. eit dagskurs i *marknadføring på nynorsk* som på førehand utløyste ein viss debatt i riksmidia om reklamespråk.
- Forprosjektet *Dei mange røystene. Replikkar til Norge og Noreg 2005* blei sendt til Hundreårsmarkeringa Noreg 2005 16.9. I dette prosjektet presenterte vi eins amla plan for ei språkpolitisk markering i høve hundreårsmarkeringa. Prosjektet blei følgt opp med forpliktande samarbeidsavtale i desember 2003.
- Rådet drøfta på møte 26.9. språkpolitiske perspektiv på *lese- og skrivekunne* og la med dette eit godt grunnlag for samarbeid med Foreningen !les.
- Direktøren framførte *Kulturens kritiske masse*, årstale nr. 3 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, under ei tilstelling i Jølster 27.9. Denne gongen tok direktøren særleg opp nynorskbrukarane si stilling i NRK og behovet for større og meir handlekraftige miljø på nynorsksida, særleg i arbeidet overefor barn og unge. Så langt er direktørens årstale den einaste årstalen innanfor norsk kulturliv.
- I samarbeid med Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret sende vi 1.12. søknad til Norsk kulturråd om midlar til forprosjektet *Jon Fosse-arkivet*. Dette skal vere ein internasjonal informasjons- og dokumentasjonsbase om

forfatterskapen hans – både innhald, tolkingar, utbreiing og resepsjon.

Søknaden var i seg sjølv den første større dokumentasjonen av forfatterskapen.

- Etter at vi i november 2002 blei involverte i forarbeidet til eit kompetansesenter for nynorsk eterspråk ved NRK Sogn og Fjordane, oppnemnde styret i NRK ei prosjektgruppe for å utgreie planane. Ottar Grepstad var med i gruppa som 1.12. la fram tilråding om *Nynorsk mediesenter* i Førde.
- Etter initiativ frå Nynorsk kultursentrum blei det frittstående nettverket *Forum for nasjonale museer*, skipa 1995, fastare organisert etter halvårsmøte i Aasen-tunet 23.10. Nynorsk kultursentrum er sekretærinstitusjon for forumet dei to komande åra.
- Etter eit initiativ frå stortingsgruppa i Senterpartiet samarbeidde vi med dei om å utvikle planar for det såkalla Vinjefondet for nynorsk publisistikk som ein del av ei *nynorskpakke* på 35 mill kr i statsbudsjettet. Planane blei presenterte 3.11. som ein del av partiets budsjettmerknader. Dette er truleg første gongen eit parti presenterer ei slik satsing.
- Den 6. – 7.11. arrangerte vi konferansen *Spott og salmar om religiøs ambivalens i nynorsktradisjonen* i samarbeid med Ivar Aasen-instituttet og med støtte frå Norsk kulturråd.
- Hausten 2003 gjorde vi ein intensjonsavtale med Norsk Interaktiv i Kristiansand om å utvikle det Internett-baserte tilbodet *DialektXperten* som kan dekkje pensum for dialektkunnskap i den vidaregåande skulen.

#### 5.4 Nynorskbasen

Som ein del av arbeidet med *Nynorsk Leksikon* har administrasjonen frå sommaren 2001 bygt opp *Nynorskbasen*, ein enkel database med nøkkelinformasjon om profilerte nynorskbrukarar. Ved utgangen av 2003 var det registrert informasjon om 2112 slike nynorskbrukarar, ein auke på 147 personar frå førre årskiftet. 17 % av personane i basen er kvinner.

#### 5.5 Artikkelarkivet

Like sidan opninga av Aasen-tunet i juni 2000 har vi brukt avisklipp i aktualitetshylla i utstillinga. Frå 2002 auka vi aktiviteten på dette feltet, og klipte òg ut andre artiklar og notisar, som saman med artiklar som har vore brukte i aktualitetshylla dannar Artikkelarkivet i Ivar Aasen-tunet. Ved årsskiftet var det om lag 1650 utklipp i arkivet.

Vi prioriterer artiklar om profilerte nynorskbrukarar: forfattarar, journalistar og andre mediearbeidarar, sentrale tillitsfolk eller tilsette i nynorskinstitusjonar, andre nynorskbrukande kulturpersonar, og nokre utvalde landsfemnande institusjonar og organisasjonar som bruker nynorsk.

Vi klipper fast frå *Aftenposten*, *Bergens Tidende*, *Dag og Tid*, *Dagbladet*, *Firda*, *Hordaland*, *Jærbladet*, *Klassekampen*, *Sunnhordland*, *Sunnmørsposten* og *Vårt Land*. I tillegg tek vi vare på artiklar frå andre aviser og frå ulike nettstader,

dersom vi kjem over dei. Også eldre artiklar, som til dømes har vorte brukt i arbeidet med temautstillingar, blir tekne med i Artikkelarkivet.

### 5.6 Publikumsservice

Også i 2003 heldt vi fast ved garantien frå 2000 om at vi svarar på relevante spørsmål innan 48 timar. Vi får ei rekkje spørsmål frå publikum i Aasen-tunet, på telefon, på e-post eller i vanlege brev. Bibliotekleiar, dokumentasjonsleiar og formidlingsleiar svarte på dei fleste av spørsmåla frå eksterne brukarar. Både spørsmål og svar blir tekne vare på slik at vi lett kan hente dei fram att ved behov.

### 5.7 Foredrag

Ottar Grepstad: Nasjonale nettverk og regionale konsolideringar. Innleiing på møte i Forum for nasjonale museer i Oslo 30.1.

– : Kulturens tyngdekraft. Linjer og tendensar i nynorsk skriftkultur. Foredrag i Målpolitisk råd ved Det Norske Teatret 29.3.

– : Eitt nynorskrike? Om regionalisering av nynorsken. Foredrag på konferansen "Strukturendringar i Kommune-Noreg", Ivar Aasen-tunet 25.4.

– : Å syne fram eit språk. Foredrag på den 7. nordiske konferansen i leksikografi i Ivar Aasen-tunet 23.5.

– : Jakob Sandes kulturelle skørfeste. Foredrag på Jakob Sande-seminaret 2003, Dale i Sunnfjord 9.8.

– : Kulturens kritiske masse. Årstale nr. 3 om tilstanden for nynorsk skriftkultur. Haugtun, Staldalen i Jølster 27.9.

Alle foredraga var tilgjengelege som manuskript.

### 5.8 Trykte og elektroniske skrifter

Jens Kåre Engeset: *Glimt frå saga til Ivar Aasen-museet 1897 – 2000*. Ørsta 2003 (200 eksemplar)

Eirik Helleve: " '– Ein misjonær for nynorsk og Ivar Aasen'. Jens Kåre Engeset i samtale med Eirik Helleve ", i *Hovdebygdingar – med vit og von*, "Mi gamle grend" skrift nr. 11, Hovdebygda 2003

– : "John Neergaard". I *Norsk biografisk leksikon*, bind 6, Oslo 2003

– : "Selskapsleik om sunnmørsnaturen", i *Fra tare til tind*, årbok Den Norske Turistforening, Oslo 2003

– : *Striper, ruter, bobler*. Utstillingskatalog, Nynorsk kultursentrum, Hovdebygda 2003

Kirsti Langstøyl: "Ivar Aasen-tunet: A+B+M=sant", i *Bi-litt*, nr 2/2003, meldingsblad for Møre og Romsdal fylkesbibliotek og Norsk bibliotekforening, avd. Møre og Romsdal, Ålesund 2003

Marit Neergaard: "Ord frå 1846", i *Gjemnes-minne 2003*, s. 52 – 57

## 5.9 Fagleg representasjon

Representantar for Nynorsk kultursentrum deltok på 55 eksterne tilstellingar i 2003, mot 35 i 2002:

- Reiselivsmessa på Lillestrøm 10. – 11.1.: Marit Neergaard
- Kulturtorget i Molde 23. – 25.1.: Janne Karin Støylen og Marit Neergaard
- Forum for nasjonale museer i Oslo 30. – 31.1.: Ottar Grepstad
- 100-årsfest i Aalesunds Museum i Ålesund 31.1.: Ottar Grepstad
- Årsmøte i Ørsta reiselivslag i Ørsta 31.1.: Torgeir Dimmen og Marit Neergaard
- Møte med ABM-utvikling i Ivar Aasen-tunet 4.2.: Kari Bjørke, Ottar Grepstad, Torgeir Dimmen, Eirik Helleve, Oddmund L. Hoel, Kirsti Langstøyl
- Seminar om Den kulturelle skolesekken i Oslo 4. og 5.2.: Marit Neergaard
- Feiring av førstepremievinnar Gaute Linga i teikneseriekonkurransen på Kringlebotn skole i Bergen 13.2.: Geir Atle Ersland
- Årsmøte i Norsk språkråd i Ivar Aasen-tunet 13. – 14.2.: Torgeir Dimmen, Ottar Grepstad, Eirik Helleve, Marit Neergaard
- Møte med Fritt Ord i Oslo 19.2.: Ottar Grepstad
- Møte med Hundreårsmarkeringa Noreg 2005 i Oslo 7.3.: Ottar Grepstad
- Presentasjon av *Nynorsk Pluss+* ved Gloppen Opplæringscenter på Sandane 11.3.: Marit Neergaard
- Ope møte i Mediemållaget om P4 i Oslo 28.3.: Torgeir Dimmen
- Årsmøte i Det Norske Samlaget 29.3.: Kari Bjørke, Ottar Grepstad
- Årsmøte i Det Norske Teatret 30.3.: Kari Bjørke
- Jordferd for Herbjørn Sørebo frå Feiring kyrkje 4.4.: Ottar Grepstad
- Landstinget til Landssamanslutninga av nynorskkommunar i Ivar Aasen-tunet 24. – 25.4.: Kari Bjørke, Ottar Grepstad, Eirik Helleve
- Vårsmøte i BIBSYS i Bergen 5. –7.5.: Kirsti Langstøyl
- Møte med Suldal kommune og Det Norske Samlaget om hundreårsjubileet for Eirik Vandvik 2004 i Oslo 15.5.: Eirik Helleve, Ottar Grepstad
- Møte med Det Norske Samlaget og Cappelen om Nynorsk leksikon i Oslo 15.5.: Eirik Helleve og Ottar Grepstad
- Den 7. nordiske konferanse i leksikografi på Høgskulen i Volda og i Ivar Aasen-tunet 20. – 24.5.: Ottar Grepstad
- Møte med prosjektleiing og redaksjon i Norsk Ordbok, og Museumsprosjektet, i Ivar Aasen-tunet 23.5.: Eirik Helleve, Ottar Grepstad
- Informasjonsmøte om EU-rammeprogrammet Kultur 2000 i Molde 27.5.: Ottar Grepstad
- Møte nr. 28 i Nynorsk Forum i Oslo 28.5.: Ottar Grepstad
- Møte med Det Norske Samlaget og Cappelen om Nynorsk leksikon i Oslo 28.5.: Ottar Grepstad

- Ymse møte med Norge 2005 og lærarar ved to skular i Asker om oppsøkjande verksemd i regi av Den kulturelle skolesekken 28.5.: Marit Neergaard
- Møte med Stavanger Kulturhus, Jærmuseet og fleire skular om oppsøkjande verksemd i regi av Den kulturelle skolesekken 2. og 3.6.: Marit Neergaard
- Seminar ved Nasjonalbiblioteket, Mo i Rana, i samband med opning av nytt depotbibliotek 12.–14.6.: Eirik Helleve og Kirsti Langstøyl
- Møte med Cappelen og Samlaget om Nynorsk leksikon i Oslo 16.6.: Ottar Grepstad
- Seminar om EU-støtteordningar i Norsk kulturråd i Oslo 17.6.: Ottar Grepstad
- Møre med Møre og Romsdal fylkeskommune (Rolf M. Orø) i Molde 26.7.: Marit Neergaard
- Målrock i Årdal 15.–16.8.: Kirsti Langstøyl og Janne Karin Støylen
- Opning av nybygget til Det Norske Samlaget i Oslo 19.8.: Ottar Grepstad
- Møte med Kultur- og kyrkjedepartementet i Oslo 20.8.: Kari Bjørke og Ottar Grepstad
- Møte nr. 29 i Nynorsk Forum i Oslo 20.8.: Ottar Grepstad
- Landsmøte i Norges Museumsforbund i Harstad 27.–29.8.: Eirik Helleve og Ottar Grepstad
- Tur til Hægstad Gård på Hellesylt og Norsk Fjordsenter i Geiranger 1.9.: Alle tilsette
- Kurs om kulturproduksjonar, arrangert av Høgskolen i Telemark, Telemark musikkråd og Norsk musikkråd, i Bø i Telemark 11.–12.9.: Janne Karin Støylen
- Møte om Den kulturelle skolesekken med Det Norske Samlaget, Norsk Barneblad og Noregs Ungdomslag i Oslo 18.9.: Marit Neergaard
- Konferanse for nordiske litterære museum på Island 2. – 5.10.: Ottar Grepstad
- Kurs i papirkonservering i Trondheim 6. – 8.10.: Eirik Helleve
- Fylkesseminar om reiseliv på Ånsdalsnes 13. – 14.10.: Marit Neergaard
- Møte nr. 30 i Nynorsk Forum i Oslo og fellesmøte med Løvebakken Mållag på Stortinget 15.10.: Ottar Grepstad
- Fellesmøte for nettredaksjonane i Nynorsk Forum i Oslo 16.10.: Torgeir Dimmen, Eirik Helleve, Ottar Grepstad
- Informasjonsmøte om Aasen-tunet med Eidsvoll 1814 Rikspolitisk senter i Aasen-tunet 22.10.: Eirik Helleve, Janne Karin Støylen, Ottar Grepstad
- Forum for nasjonale museer i Aasen-tunet 22. og 23.10.: Torgeir Dimmen, Eirik Helleve, Kirsti Langstøyl, Janne Karin Støylen, Ottar Grepstad
- Møte med styret i Fritt Ord i Aasen-tunet 30.10.: Ottar Grepstad
- Møte mellom Cappelen, Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum om Nynorsk leksikon i Oslo 5.11.: Ottar Grepstad
- Møte med Hundreårsmarkeringa Noreg 2005 i Oslo 5.11.: Ottar Grepstad
- Seminaret ”Spott og salmar” i Aasen-tunet 6. – 7.11.: Torgeir Dimmen, Eirik Helleve, Kirsti Langstøyl, Janne Karin Støylen, Ottar Grepstad



- Møte med rektorar og oppvekstetaten i Ørsta i Aasen-tunet 11.11.: Marit Neergaard og Janne Karin Støylen
- Fylkeskulturkonferanse for Møre og Romsdal i Ørsta 13. og 14.11.: Marit Neergaard, Janne Karin Støylen og Ottar Grepstad
- Nynorsk nettverk for lærarar i innvandrarundervisning i Aasen-tunet 18.11.: Ottar Grepstad
- Fellesmøte med Ivar Aasen-instituttet om samarbeid i høve forskingsprosjektet Det opne språket i Aasen-tunet 1.12.: Eirik Helleve og Ottar Grepstad
- Arbeidsmiddag med politisk leiing i Utdannings- og forskingsdepartementet i Aasen-tunet 1.12.: Ottar Grepstad, Marit Neergaard
- Tildeling av Chevalier de l'Ordre National du Mérite til Jon Fosse i Oslo 9.12.: Ottar Grepstad
- Møte om Vestlandets historie i Aasen-tunet 15.12.: Ottar Grepstad

### 5.10 Årets nynorskbrukar

Nynorsk kultursentrum deler kvart år ut prisen *Årets nynorskbrukar* til personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktisk arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk. Styret i Nynorsk kultursentrum er jury for prisen.

I 2003 gjekk prisen til *redaktør Martin Toft* i avisa Uniforum ved Universitetet i Oslo for hans personlege innsats for meir nynorsk innanfor den største utdanningsinstitusjonen i landet. Arbeidet er prega av framifrå journalistikk og har gitt viktige tilskot til bruk av nynorsk fagterminologi både på prent og på Internett, med endring av språklege fordommar som handfast resultat. Prisen var 25 000 kr, eit eksemplar av Dialektspelet og eit grafisk blad, og blei overrekt av fylkeskulturutvalsleiar Aud Folkestad under opningshøgtida på Dei Nynorske Festspela 25.6.

Til no har desse fått prisen:

- 2000 Høgsterettsdomar Karl Arne Utgård, Hamar
- 2001 Hotelldirektør og visepresident i NHO, Gerd Kjellaug Berge, Selje
- 2002 Ringstabekk skole, Bærum
- 2003 Redaktør Martin Toft, Oslo

## 6. Utstillingar

Utstillingar auka omsetninga med 27 % frå 180 000 kr i 2002 til 229 000 kr i 2003. Resultatet blei likevel dårlegare enn året før med eit underskot på – 77 000 kr i 2003 mot eit overskot på 45 000 kr året før.

## 6.1 Basisutstillinga

Utstillingane i Ivar Aasen-tunet skal vere levande og dynamiske. Alle skal oppdage noko nytt, også dei som vitjar utstillingane fleire gonger. Det blir difor misvisande å omtale basisutstillinga som ferdig, men inngrepa i utstillinga blir no omtalte som endringar, ikkje som ferdiggjering. Kvar dag er det noko nytt i utstillingane i form av dagens sitat og ferske utgåver av nynorskredigerte aviser.

I *aktualitetshylla* kjem skifta med ujamne mellomrom. Gjennom året var delar av hylla brukt til temautstillingar. Difor la vi i 2003 fram færre utklipp enn året før, i alt om lag 30 avisklipp og egne tekstar om ulike emne. Dei viktigaste var:

- 20.1. Einar Førde 60 år
- 13.2. Norsk språkpris til Frode Grytten
- 30.3. Herbjørn Sørebo død
- 24.9. Norsk kulturråds ærespris til Jon Fosse

Frå hausten 2002 innførte vi eit nytt publikumstilbod med *godbitar frå samlingane* der det med jamne mellomrom blei henta fram nye godbitar. Ute i resepsjonsområdet viste vi i 2003 fram bøker om medlemskommunar i LNK, og barnelitteratur.

## 6.2 Temautstillingar

I rommet for temautstillingar viste vi i 2003 fire utstillingar. Dette året blei det laga to nye utstillingar, og kvar av desse er sette saman av 12 plansjar. Aina Griffin var som vanleg formgivar:

- 1.1. – 12.2. *Diktarens litterære liv*. Olav Duuns miljø, lesnad og litterære påverknad (reprise)
- 13.2. – 25.6. NY *Striper, ruter, bobler*. Nynorske teikneseriar frå Smørbukk til Margarin
- 26.6. – 27.10. NY *Utbrytaren Marie Takvam*. Om festspeldiktaren Marie Takvam
- 28.10 – 31.12. *Mannen som kristna landsmålet*. Elias Blix (reprise)

Temautstillingane blir henta fram att etter behov slik at dei kan bli sett av flest mogleg, og slik at basisutstillinga jamleg er i endring. Ved utgangen av 2003 har vi produsert elleve temautstillingar.

Til utstillinga om nynorske teikneseriar fekk vi tilskot frå Norsk kulturråd. Tilskotet blei brukt til å lage ein utstillingskatalog, og til å lage ekstra sett av plansjane. Det var såleis råd å vise denne utstillinga fleire stader samstundes.

Den 7. nordiske leksikografikonferansen blei arrangert i Volda i mai, og 23.5. heldt dei til i Aasen-tunet. I det høvet laga vi ei spesialutstilling om nynorske ordbøker og ordlister.

## 6.3 Forfattarpresentasjonar

I Forfattarrommet i basisutstillinga presenterer vi heile tida ni forfattarar. Kvart år blir nokre av dei skifta ut. I 2003 var dette endringane:

- 19.2. Kristofer Uppdal inn, Aasmund Olavsson Vinje ut

25.6. Sigmund Skard inn, Marie Takvam ut  
Til kvar forfattar samlar vi artiklar, intervju og bokmeldingar i ein perm. Permen blir seinare tilgjengeleg i biblioteket, resten av det innsamla materialet blir plassert i artikkelarkivet.

### 6.4 Vandreutstillingar

Temautstillingane er spesiallaga til eit rom i utstillinga, men har likevel eit format som gjer det lett å frakte dei og vise dei fram andre stader. Tidlegare år har vi berre kontakta låntakarar som har vore relevante for dei ulike utstillingane, men i november laga vi ein brosjyre der vi presenterte dei elleve temautstillingane vi har laga. Vi fekk god respons på brosjyren, slik at utlånet vil ta seg kraftig opp i 2004.

I 2003 blei to av utstillingane viste på i alt fem ulike stader. Alle visingsstadene har ikkje like gode rutinar for å telja vitjarar, det er til dømes vanskeleg for eit bibliotek å opplysa om kor mange som har sett utstillinga der. Berre to av lånarane har difor rapportert om tal på publikum, og hos desse to har 4400 sett utstillingane.

I tillegg til desse fem låna har utstillinga om kaffistover vore vist fleire stader. Desse låna har vore i regi av Norske Lagsbruk, som leverer rapport og reiserute etter at vi får utstillinga attende hit, truleg i 2004.

#### *Diktarens litterære liv*

15.7. – 15.8. Olav Duun-dagane, Jøa

#### *Kaffikoppens kulturelle kraft*

Ulike stader, i regi av Norske Lagsbruk

#### *Striper, ruter, bobler*

3.5. – 1.6. Serieteket, Deichmanske bibliotek avd. Grünerløkka, Oslo

8. – 14.9. Raptus tegneseriefestival, Bergen

1.12. – 10.1.2004 Stord kulturhus, Leirvik

18.12. – 31.1.2004 Flora kommune, Florø

### 6.5 Skuletilbod

Alt frå opningssesongen hadde Nynorsk kultursentrum skuletilbod for alle klassesteg frå barnehage til VK2 i vidaregåande skule. Dette skuletilbodet har vorte revidert og utvida, og inneheld no 15 ulike opplegg:

Barnehage Leit og leik

1. klasse Ein skuledag i gamle dagar

2. klasse Ut i naturen

3. klasse Ivar Aasens oppvekstår

4. klasse Teikneseriar

5. klasse Dikt

6. klasse Ivar Aasen og innsamling av dialektar

6. klasse	Det ligg mellom linjene – Sverre Fehn
7. klasse	Den lokale skriftkulturen
8. klasse	Ivar Aasens verk
9. klasse	Språk, skrift og teikn
10. klasse	Skulen som språkleg slagmark
Grunnkurs	Sosiale endringar i språket
VK1	Skriftlege massemedium
VK2	Dialektar

61 grupper med til saman 933 elevar brukte skuletilbodet i Ivar Aasen-tunet i 2003, mot 1118 elevar i 2002. Mange skuleklassar deltek i tillegg gjennom året på kulturarrangement som er særskilt retta mot dei (sjå 7.2 Kulturprogram).

Skuleelevane blir då registrerte som enkeltgjester på arrangement. I 2003 utgjorde desse om lag 500 av arrangementsgjestane. I tillegg til skuleelevane hadde vi besøk av 10 studentgrupper med om lag 165 studentar. Desse blir registrerte som enkeltgjestar med studentrabatt, eller som grupper dersom dei er fleire enn 15. Studentgruppene bruker gjerne nokre av tilboda retta mot grunnskulen.

Skuletilboda ligg ute på nettstaden og blir i tillegg sende til skulane på søre Sunnmøre og i Nordfjord kvart semester. Skulane kan velje fritt mellom dei ulike tilboda, eller dei kan be om spesialtilpassa opplegg. Mange klassar bed om opplegg som inneheld meir enn eitt tema. Hausten 2003 hadde vi informasjons- og drøftingsmøte med alle skuleleiarane i Ørsta og Volda. Vi ønskjer ei fastare samarbeidsform med skulekontora og skulane i begge vertskommunane, gjerne knytt til eit godt tilbod om skyss.

## 7. Arrangement

I 2003 gjennomførte vi 175 arrangement. Så mykje har vi aldri gjort på eitt år før. Av dette var 115 arrangement i eigen regi, mot 120 i 2002. På dei 175 arrangementa hadde vi til saman 12 300 gjester, om lag som i 2002.

Nynorsk kultursentrum var ein aktiv arrangør og samarbeidspartnar mange stader i landet også i 2003. Av dei 115 arrangementa vi stod for sjølve, blei 35 avvikla andre stader enn i Aasen-tunet. Det har vore og vil framleis vere eit mål for oss å stimulere til auka nynorsk kulturproduksjon og aktivitet i heile landet.

### 7.1 Dei Nynorske Festspela

Dei Nynorske Festspela auka omsetninga med 20 % frå 813 000 kr i 2002 til 977 000 kr i 2003. Målet var å auke talet på betalande gjester, og det klarte vi ved å auke billettsalet med heile 160 %. Satsinga på dyrare programtilbod gav likevel ikkje nødvendig økonomisk utteljing. Resultatet blei dermed eit underskot på -226 000 kr i 2003 mot -81 000 kr i 2002.

Vi har i fleire år vore avhengige av vesentleg større basistilskot for å kunne utvikle denne festivalen trygt vidare, og for å spreie betre den risikoen det er å lage

til slike festspel. Det vi greidde av større inntekter i 2003, kom i form av eigeninntekter. Kostnadene både ved gjennomføringa og nokre dyre arrangement var diverre såpass høge at resultatet blei negativt. 7100 personar gjesta Festspela i 2003 mot 5500 året før, med overveldande respons. Paradokset er at denne opplevinga av kvalitet og mange arrangement med mykje gjester ikkje gjekk hand i hand med den økonomiske sida av saka.

Dei Nynorske Festspela er viktige for verksemda vår både ut frå omsetning i kafé og butikk, merksemd i pressa og samla gjestetel.

Festspela blei arrangerte med driftstilskot frå Kultur- og kyrkjedepartementet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Volda kommune og Ørsta kommune. På same tid er det naudsynt å streke under at løyvingane på 25.000 frå vertskommunane Ørsta og Volda ikkje er tilfredstillande all den tid festivalen no passerer ei omsetning på over ein million kroner. Vi maktar ikkje å halde festspela på dette nivået med så lave kommunale tilskot.

Temaet i 2003 var "Heimover?" I erkjenninga av at levande bygder mellom anna er kjenneteikna av at innbyggjarane har eit nært forhold til eige språk og eigen kultur, ønskte vi å syne korleis det å verne om språket og dialektane også er ein måte å styrkje ulike distrikt i landet.

Marie Takvam var festspeldiktar og filmskaparen Margreth Olin var festspelkunstnar. Desse to utgjorde eit sterkt par og gav publikum sær fine opplevingar. Med desse festspela opna vi Marie Takvam sin forfattarskap att for mange boklesarar. Tingingsverket "Marie du bedåre", ein framførande diktarbiografi om dikteren, blei ein suksess både kunstnarleg og i publikumstal. Med ein festspelkunstnar som tek opp det å godta og setje pris på seg sjølv og eigen utsjånad blei Festspela ein arena for å formidle viktige budskapar utover det språkpolitiske, men likevel heile tida på nynorsk.

Dei Nynorske Festspela 2003 markerte at kvalitet og breidd kan gå godt saman, også på nynorsk. Undervegs kunne publikum oppdage både tilsikta og utilsikta samanhengar mellom dei mange programpostane. Ei viktig årsak til den store publikumsauken i 2003 var fleire store utearrangement med svært allmenn profil. Endå meir enn før genererte vi inntekter til lokale samarbeidspartnarar. Samstundes fekk vi merke kor dyrt det kan vere med store arrangement på andre arenaer enn våre eigne og kor vanskeleg det kan vere å vurdere kostnadene i slike tilfelle.

Med over 50 friviljuge var arrangementsstaben mykje større enn dei tidlegare åra vi har hatt ansvaret for arrangementet.

Til skilnad frå musikkfestivalane, som i stadig større grad blir ein del av den nasjonale eller internasjonale musikkindustrien, har ein litteratur- og musikkfestival som Dei Nynorske Festspela eit kritisk blick på sitt eige emne. I opningstalen på Dei Nynorske Festspela 2003 sa Aud Folkestad m.a.:

Meir enn festivalar flest i dette landet har Dei Nynorske Festspela vist ei imponerende evne til å leite fram nye røyster frå det mektige blandakoret som den nynorske skriftkulturen no er blitt.

Festspela er no etablerte som ei merkevare som både publikum, utøvarar og presse kjenner tillit til. Festspela står no støtt og fast som eit lokalt og nasjonalt arrangement. Dei har funne ei form som publikum ser ut til å trivast med. Utøvarane har vore svært nøgde med måten dei blir møtt på. Mange har peikt på et ein så ryddig og grundig arrangør har dei sjeldan eller aldri vore borti, at det er noko heilt spesielt å opptre i Aasen-tunet, og at dei møter eit svært godt og lydhøyrte publikum. Difor skal publikum ha største takken for festdagane i juni 2003.

Det komplette programmet for Dei Nynorske Festspela 2003 ligg ved denne årsmeldinga.

## 7.2 Kulturprogram vår og haust

Omsetninga for opne arrangement utanom Festspela minka med 9 % frå 622 000 i 2002 til 567 000 kr i 2003. Billettsalet passerte 300 000 kr, men saman med andre inntekter var dette likevel ikkje nok til å hindre eit negativt resultatet på - 89 000 kr.

I 2003 gjennomførte vi eit vår- og haustprogram med 62 arrangement og om lag 250 utøvarar, mot 71 arrangement og 435 utøvarar i 2002. Vårprogrammet blei gjennomført frå 5.1. til 24.4., haustprogrammet frå 14.9. til 9.11.

Vårprogrammet synte endå ein gong evne til endring og fornying. Eitt av fleire kunstnarlege høgdepunkt var Grieg-gourmet med Ørstavik mannskor og solisten Rein Alexander – tre kvart år før han slo gjennom på riksplan.

Hautprogrammet blei avslutta noko tidlegare enn før om åra, og meir konsentrert i bolkar. På denne måten kunne vi frigjere ein del kapasitet internt og marknadsføre tilboda meir kostnadseffektivt. Eitt av dei kunstnarlege høgdepunkta denne hausten var kyrkjekonsertane med Henning Sommerro, Elena Jakovleva og Edvard Hoem. Denne hausten arrangerte vi bognatt for fjerde gong, og aldri har den vore betre.

Kulturprogrammet er viktig for den allmenne marknadsføringa av institusjonen og verksemda vår, genererer inntekter i både butikk og kafé, jamnar ut besøket over tid, set oss i stand til å nå ut til fleire målgrupper enn om vi hadde satsa mest på utstillingar og gjer sitt til å halde oppe dei verdiane nynorsk språk- og kulturtradisjon representerer.

Arbeidet med kulturprogrammet bygde i 2003 vidare på røymsler og strategiar frå tidlegare år. Det er framleis viktig å gi nye stemmer ei scene og ta eit kulturpolitisk ansvar for nyskapande utøvarar som ikkje den kommersielle marknaden slepp til. For å få til dette samarbeidde vi i 2003 med alt frå lokale husflidslag via kommune, fylke og statlege instansar til internasjonale organisasjonar.

Å vere samarbeidspartnar fleire stader i landet inneber ikkje at Nynorsk kultursentrum tek mål av seg til å bli ein turnéorganisasjon. Førebels har vi likevel stått for ein del arrangement andre stader. Det har vi gjort for å vinne røymsle med dette for så å kunne vere produsent for andre turnéorganisasjonar seinare. Vi har også gjort det for å sikre at der er eit breitt tilbod av arrangement med nynorsk innhald, og for å vise i praksis kva det inneber å vere ein nasjonal institusjon. I 2003 la vi difor årstale nr. 3 om tilstanden for nynorsk skriftkultur til Stardalen i Jølster. I

november arrangerte vi salmekonsert med Henning Sommerro, Elena Jakovleva og Edvard Hoem fem stader i Sogn og Fjordane. Slik gjorde vi fleire kjende med den nyare nynorske salmeskatten, og nynorskbrukarar utanfor nærområdet fekk betre kjennskap til arbeidet vårt.

Dei gode røynslene med større arrangement for småbarnsfamiliar frå tidlegare år gjorde at vi satsa vidare på dette i 2003. Vi samarbeidde med Prøysenhuset om godt besøkte Prøysen-dagar i september, og med Blåmann barnebokklubb om halloween-alternativet *Skrekkeleg skummel søndag* i november. Også ungdom fekk eit større tilbod i 2003, med "grøss og gru-overnatting" for 7. klassingar og skrivekurs for elevar i den vidaregåande skulen.

Ivar Aasens 190. fødselsdag 5.8. blei markert i kafeen med om lag 80 gjester.

Det komplette kulturprogrammet for vår- og haustsesongen ligg ved denne årsmeldinga.

## **8. Kafé og butikk**

Butikken og kafeen auka til saman omsetninga med heile 30 % frå 894 000 kr i 2002 til 1 168 000 kr i 2003; prosentauken var like stor frå 2001 til 2002. Dette er blitt ein viktig og integrert del av det samla publikumstilbodet vårt.

### **8.1 Kafé og utleige**

*Kafeen* auka omsetninga med heile 48 % frå 507 000 kr i 2002 til 752 000 kr i 2003. Den viktigaste årsaka til dette var fire store utleigearrangement – årsmøtet til Norsk Språkråd, landstinget til Landssamanslutninga av nynorskkommunar, ein stor nordisk leksikografikonferanse og ein doktordisputasmiddag. Vi har også fått ein del "faste kundar" som leiger Ivar Aasen-tunet til ulike møte og kurs kvart år.

Kafeen skal ha eit tilbod når Ivar Aasen-tunet er ope. Kafeen er ein del av varemerket til Ivar Aasen-tunet: høg kvalitet på maten, bruk av gode råvarer og minimalt med halvfabrikata, og varierende meny. Så godt som kvar søndag heile året gjennom tilbyr kafeen torettarsmiddag, og i sommarsesongen eit utvida tilbod av varme og kalde rettar kvar dag. Året rundt tilbyr vi eit breitt utval av moderne kaffi- og sjokoladedrikkar.

Sesongane varierer så mykje at det er vanskeleg å reindyrke éin stil, men vi prøver å kombinere det tradisjonelle med det moderne. Vi har utvikla ein eigen gruppemeny, og også ein meny med 2-3-rettars middag i samband med ulike typar selskap. I nært samarbeid med programansvarleg prøver vi å la kafetilbodet spegle temaet for dei ulike kulturarrangementa. Vi vurderer fleire tiltak som kan redusere romklangen i kafeen og resepsjonsområdet, og vi arbeider vidare med planane for utsmykking i kafeen.

Etter tre år med festspelvin gjekk vi i 2003 bort frå denne ordninga, men festspelsponsor Brønne Mineralvatn laga som tidlegare festspelbrus. Tidlegare årgangar av festspelvinen er no utselde.

*Utleige* er blitt ein viktig del både av drifta og den allmenne marknadsføringa av institusjonen. Utleiga er som regel kombinert med servering og gir dermed gode inntekter til kafeen. Ivar Aasen-tunet er ein møte- og kursstad som skil seg ut frå alle andre tilbod i regionen. Salen har synt seg å fungere svært bra som møte-, kurs- og konferanselokale. Både offentlege og private institusjonar og bedrifter nytta seg av tilbodet vårt i 2003. Kafeen blei også brukt i høve konfirmasjonar , sølvbryllaup og årsdagar. Her var føresetnaden at nokre av tilboda i tunet skulle vere inkluderte i tilskipinga. 51 grupper, lag, bedrifter og institusjonar tinga servering, omvising og/eller lokale til møte, kurs og seminar i 2003, mot 85 i 2002.

## **8.2 Butikk**

Butikken auka omsetninga med 7 % frå 387 000 kr i 2002 til 416 000 kr i 2003.

Av dette utgjorde boksal 166 000 kr eller 40 %. Vi selde svært godt av fleire bøker, m.a. vart eit spesialopplag på 150 eksemplar av Marie Takvams *Dikt i samling* utseld under festspeldagane. Også den fine kokeboka for små kokkar frå Hornindal barnehage blei ein bestseljar, i tillegg til klassikarane *Ivar Aasens beste* og den nye utgåva av *Ordtak i utval*.

Godt sal og positiv respons var det også på dei nye varene vi utvikla, så som tunets eige krus med eit sitat av Kjartan Fløgstad, keramikk av Rolf Vatn med fragment av Aasen-skrift, og nye tekstilar med Aasen-handskrift. Også i 2003 selde vi mange Hulda-forkle.

Det interaktive dataspelet *Dialektspelet* blei utgitt i salsversjon i august 2002. Dette selde vi mykje av også i 2003. Til saman har det gått ut om lag 530 eksemplar.

## **9. www.aasentunet.no**

Nettstaden *www.aasentunet.no* blei opna 26.4.2000, to månader før den offisielle opninga av Ivar Aasen-tunet. År for år har vi bygt ut nettstaden i retning av målet om at dette skal vere den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur, og tek sikte på at den skal vere betre enn gjengs offentleg standard for nettstader. Nynorsk kultursentrum tok i 2002 over *www.garborgnett* frå Stiftinga Garborg-året 2001. Denne nettstaden var utvikla spesielt med tanke på tilbod og aktivitetar i skulen. Det har heller ikkje i 2003 vore kapasitet til å arbeide særskilt med denne.

### **9.1 Besøk og bruk**

I 2003 passerte for første gong gjestetallet på nettstaden 100 000 på eitt år og enda på 119 105, mot 73 666 året før. For kvart år har nettstaden fått mange nye brukarar. Hausten 2003 var i gjennomsnitt over 3000 innom kvar veke. Det var meir enn vi hadde på ein heil månad berre to år tidlegare.



Grunnane til dette er fleire: Endå fleire bruker no Internett jamleg, tilbodet på nettstaden er blitt mykje betre med åra, og nettstaden er utan aktiv marknadsføring frå vår side blitt kjend blant mange. Særleg ettertrakta var fagstoffet i Nettbiblioteket, dvs. stoff om Ivar Aasen og andre nynorskforfattarar. Det kan tyde på at mange studentar, lærarar og andre fagfolk har oppdaga tenestene våre og at [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) her har eit tilbod dei ikkje finn andre stader.

Vi har heile tida brukt publiseringssystemet LooP. Ein vesentleg betre og meir brukarvennleg andreversjon låg føre i november 2003, og etter ein del rettingar av tekniske feil kunne både publikum og nettredaksjonen nyte godt av endringane. Nettstaden var alt hausten 2002 blitt lagd kraftig om. Dette hausta vi mykje frukter av i heile 2003. Vi arbeidde samstundes med ei vidareutvikling og teknisk forbetring, og planane var ved årsskiftet så godt som ferdige til å bli røyndom.

Ved utgangen av 2003 var om lag 1300 dokument tilgjengelege på nettstaden. Det var 130 % fleire enn eitt år tidlegare. Særleg våren 2003 publiserte vi mange nye tekstar. Dagens Ord-arkivet inneheldt ved årsskiftet over 200 ord, og alle pressemeldingar og Symra-utgåvene frå 1999 til 2003 er no tilgjengelege på nettet. Ein del større artiklar og talar er også publiserte, men her er det meir å hente i det elektroniske arkivet vårt.

## 9.2 Nettbiblioteket

Nettbiblioteket er ein viktig del av vår dokumentasjon i digital form. Biblioteket skal innehalde sentrale og kuriøse tekstar frå heile historia til den nynorske skriftkulturen. Til no har vi konsentrert publiseringa om tekstar som har falle i det fri opphavsrettsleg, dvs. av forfattarar som døydde før 1934. Ved utgangen av 2003 var det 835 tekstar av eller om 122 forfattarar i Nettbiblioteket. Til dette kjem *Skriftir i Samling I-VII* av Arne Garborg, og ei mengd bøker og tekstar av Ivar Aasen.

# 10. Informasjon

Dei samla salskostnadene i 2003 var på 524 000 kr mot 617 000 kr i 2002. På fleire punkt dreiv vi billegare enn året før, og elles følgde vi stort sett følgd etablert praksis for annonsering og produksjon og distribuering av trykksaker.

## 10.1 Marknadsplan

Dei siste par åra har vi arbeidd med å utvikle ein marknadsplan med ei form og eit innhald som gjer han til eit tenleg reiskap både for administrasjonen og styret. Førebels er planen delt i ein generell del, som inneheld dei overordna prinsippa og måla, og ein handlingsdel med omtale av dei mange konkrete tiltak. Saka har vore drøfta i styret fleire gonger i 2003, men vi har framleis ikkje funne ein fullgod mal for dette viktige dokumentet.

Administrasjonen har også i 2003 praktisert open informasjon og svart på alle dei spørsmåla som har kome. Styresmaktene slo i 2000 fast at offentleglova ikkje gjeld for oss. Styret har dette året likevel drøfta korleis arkivlova og prinsipp frå offentleglova kan tilpassast ein kulturpolitisk sjølvstendig institusjon som oss. Leiargruppa fastsette dei endelege retningslinjene for journalføring av bevaringsverdige dokument samt publisering av saklister og vedtaksprotokoll frå styre- og rådsmøta. Desse retningslinjene gjeld frå 1.1.2004.

## 10.2 Presse og kringkasting

Nynorsk kultursentrum fører ein aktiv informasjonspolitik med pressemeldingar og annonsar i samband med alle arrangement. Det blir også sendt ut pressemeldingar om sentrale kulturpolitiske spørsmål og fagartiklar til dagspresse og tidsskrift. I alt sende Nynorsk kultursentrum ut om lag 50 pressemeldingar i 2003, som året før. Dei aller fleste av desse blei også publiserte på nettstaden.

I samband med lanseringane av kultur- eller festspelprogramma blir det av og til gjort avtale med utvalde redaksjonar om besøk frå programansvarleg eller informasjonsleiar. I 2003 var vi på slike besøk i Møre-Nytt, Møre, Sunnmørsposten (kulturredaksjonen Ålesund), NRK Kulturbeitet (Oslo) og NRK Norgesglaset (Trondheim).

Fleire sendingar i radio og tv drog store vekslar på institusjonen vår i 2003. Den 10.1. sende NRK1 *Norge Rundt* med alle mellomstikka sine frå Aasen-tunet for over ein million sjåarar. Den 29.10. var direktøren med i programmet *Mediemenerne* på NRK2 om situasjonen for nynorsk i massemedia. Den 18.12. sende tysk radio eit timelangt program om nynorskens stilling, med fokus på Ivar Aasen og Jon Fosse.

## 10.3 Trykksaker

I 2003 gav vi ut eitt nummer av meldingsbladet *Symra*. Det kom i januar med eit opplag på om lag 10 000, og inneheldt smånotisar og oversyn over kulturprogrammet. Som før om åra blei bladet distribuert både etter faste adresselister og til alle husstandane i Ørsta og Volda. Av praktiske og økonomiske grunnar laga vi ikkje noko haustnummer. Reaksjonane frå publikum og kontaktar som sakna haustnummeret syner at dette enkle meldingsbladet er blitt godt innarbeidd.

Dei Nynorske Festspela hadde i 2003 same grafiske profilen på alle trykksakene. Norsk Plan v/Gerhard Stoltz var formgivar for både plakat, programfaldar, programmagasin, brusetikettar og annonsemalar. I tillegg blei det laga t-skjorter med festspelmotiv. Røynslene med ein slik samla profil var eintydig positive.

Programfaldaren blei trykt i 25 000 eksemplar og distribuert til alle husstandar i Ørsta og Volda, som istikk i Dag og Tid og som direkterekklame etter egne adresselister. Plakaten blei trykt i 700 eksemplar og m.a. send til bibliotek, kulturhus og rådhus i utvalde kommunar. Programmagasinet var som tidlegare år ei

eigenprodusert avis i tabloidformat, 24 sider i fire fargar. Avisa blei trykt i 41 000 eksemplar og distribuert som istikk i heile opplaget til Sunnmørsposten fredag 6.6., dessutan etter våre egne adresselister. Til det redaksjonelle arbeidet hadde vi eigen medarbeidar som også arbeidde med andre trykksaker og informasjonsoppgåver.

### 10.4 Annonsering

Alle kulturarrangement blei annonserte i lokalavisene i Ørsta og Volda, ved nokre høve også i Sunnmørsposten, einskilde andre lokalaviser på Sunnmøre og i Dag og Tid.

For riksannonsering av Dei Nynorske Festspela prioriterte vi i 2003 Dagbladet med tre-fire profilannonsar i april-mai, Dag og Tid, og Nationen. Dei høge kostnadene gjer det truleg meir interessant å satse på utvida redaksjonell kontakt med riksmedia enn omfattande riksannonsering.

Sponsoravtalen med Mørebil om reklamebanner på fire av bussane deira blei i samsvar med avtale vidareført til 30.6.2003.

Vi var også i 203 med i Ørsta Reiselivslag si marknadsføring av regionen, og hadde både redaksjonell omtale og egne lysingar i deira trykksaker. Vi var dessutan med i to-tre nettkatalogar med oversyn over museum og/eller kultureisemål.

Saman med andre reiselivsbedrifter i Ørsta og Volda tok vi del på yrkesmessa for 10. klassingar i januar. Vi marknadsførte dessutan Festspela under Norsk kulturhelg i Oslo ultimo mars og på landsmøtet i Noregs Mållag i Grimstad primo april.

### 10.5 Reiselivssamarbeid

Nynorsk kultursentrum har vore medlem i Ørsta reiselivslag sidan 2000. Dei siste åra har det vore arbeidd med ei omorganisering av reiselivslaga i Møre og Romsdal. Dette resulterte i 2003 i at det blir skipa fem regionale reisemålsselskap. Eitt av dei er Reisemål Ålesund og Sunnmøre. I denne prosessen oppstod det klar usemje mellom Ørsta og Ålesund reiselivslag om ressursbruk og profilering. Nynorsk kultursentrum tok våren 2003 opp spørsmålet om målpolitiske krav til reiselivsnæringa generelt og reisemålsselskapa i fylket spesielt, og følgde opp dette då Ørsta kommunestyre hausten 2003 vedtok innmelding i det nye reisemålsselskapet på visse vilkår. Eitt av dei gjaldt jamstelling mellom nynorsk og bokmål som administrasjonsspråk; det har heile tida vore klart at både nynorsk og bokmål ville bli nytta i utoverretta materiell. Ørsta reiselivslag blei i denne omgang avvist som medlem i Reisemål Ålesund og Sunnmøre, men ettersom vår andre vertskommune Volda melde seg inn, kunne Nynorsk kultursentrum ved årsskiftet melde seg inn i Ålesund reiselivslag. Medlemsskapen i Ørsta reiselivslag held fram.

# 11. Besøk

Nynorsk kultursentrum hadde 18 401 gjester i 2003, mot 19 090 i 2002 og 18 372 i 2001. Dette var 5 % meir enn budsjettet. Gjestetalet har så langt vore svært stabilt frå år til år.

6100 gjesta utstillingane, mens 12 300 var til stades ved arrangement. Utstillingsgjestene utgjorde såleis 33 % av det samla gjestetalet mot 36 % i 2002.

Sidan opningssesongen 2000 har Nynorsk kultursentrum til no hatt 75 000 gjester. Grethe Hallaråker frå Volda blei gjest nr. 75 000 i samband med eit arrangement i Aasen-tunet 12.12.

## 11.1 Gjesteprofil

I 2003 gjesta om lag 4000 barn og unge tilboda våre. Det vil seie at snart kvar fjerde gjest hørde til i denne aldersgruppa. Dette er også profilen over tid. Sett under eitt sidan opninga i 2000 utgjer barn og unge om lag 25 % av det samla gjestetalet.

Om lag 2600 av gjestane i 2003 deltok på 143 bestilte omvisingar knytte til ulike tema. Av desse var 72 vaksne grupper, 10 studentgrupper og 61 skuleklassar. I sommarsesongen (15. juni – 15. august) fekk gjestene tilbod om omvising i tunet kvar heile time. Vi veit ikkje kor mange som brukte dette tilbodet i 2003.

Tabell 1  
Gjesteprofil etter aktivitet og år 2000-2003

	2000	2001	2002	2003
Kulturprogram	12	28	29	22
Dei Nynorske Festspela	27	20	29	38
Utleige	8	10	10	13
Utstillingar	52	42	31	27
<b>Sum</b>	<b>99</b>	<b>100</b>	<b>99</b>	<b>100</b>

Tabell 1 syner at gjesteprofilen endrar seg med tida. Samanlikna med 2003 var ein større del i 2003 med på utleigearrangement eller Dei Nynorske Festspela, medan høvesvis færre tok del i det tilbodet som kulturprogram og utstillingar representerte.

## 11.2 Opningstider

Opningstidene har vore dei same sidan opningssesongen, med utvida opningstider under Dei Nynorske Festspela, og ope enkelte dagar i dei store høgtidene. Til saman var Ivar Aasen-tunet ope for publikum om lag 1650 timar, som i 2002, med desse opningstidene:

*2. januar – 16. juni og 19. august – 19. desember*

Tysdag – fredag 10–16, søndag 13–18, måndag ope etter avtale

17. juni – 18. august

Måndag – fredag 10–17, laurdag og søndag 12– 18

### 11.3 Billettprisar

Den prismodellen som blei utvikla for opningssesongen, blei ført vidare i 2003. For besøk i utstillingane var det faste prisar heile året:

- Vaksne 65,00
- Barn (6–16), honnør, student 35,00
- Familie (inntil to vaksne) 135,00
- Grupper (minst 15 personar) 35,00 pr person
- Skuleklassar 20,00 pr person
- Barnehagar 10,00 pr person
- Utstillingar i Galleriet 30,00
- NAF-medlemmer ("Show your card") 35,00

Under Festspela hadde gjester med billett til arrangement fritt tilgjenge til utstillingane same dagen.

Å prise kulturarrangement er vanskeleg fordi publikum ventar at kulturtilbod skal vere rimelege. Nynorsk kultursentrum har like sidan opningssesongen lagt vekt på å venje publikum til at kvalitet kostar, men at publikum skal få valuta for pengane. Over tid må difor prisane justerast oppover, samstundes som tilbodet også skal romme høveleg mange arrangement som er gratis eller kostar svært lite. For arrangement varierte prisane frå 20 til 200 kr. Dei mest brukte billettprisane var 50 og 80.

Under Festspela hadde vi som før om åra både gratistilbod, svært rimelege arrangement og nokre dyrare. Vi justerte prisane noko opp der vi meinte det var marknadsgrunnlag for det. Publikum kunne løyse samlebillett til utvalde arrangement torsdag, laurdag og søndag. Eit rabattkort til kr 300 gav slike rabattar på ordinær billettpris til alle arrangement: 100 kr i uteamfiet og 30 kr på alle andre arrangement.

## 12. Bransjetendensar

Den omformingsprosessen i norsk museumsvesen som blei sett i verk frå 2001, har vore heilt nødvendig. Dei tre berande prinsippa i denne såkalla abm-prosessen har vore å sikre lokalt engasjement, styrkje den faglege kompetansen på regionalt nivå gjennom konsolidering, og samordne musea i eit nasjonalt museumsnettverk i tillegg til at det blir bygt ut ein del emnenettverk mellom grupper av museum. Konsolideringane gir sterkare regionale einingar, men dekkjer ikkje det kulturpolitiske behovet for solide nasjonale einingar. Det ser også ut til at svært få av dei konsoliderte einingane blir reelle abm-institusjonar med arkiv, bibliotek og museum i eitt. I 2003 blei det igjen eit viktig spørsmål om nokre museum bør ha ei

klar nasjonal rolle og i kraft av dette få heile drifts- og tilskotsansvaret frå staten. Nynorsk kultursentrum la her til grunn at ein nasjonal museumspolitikkk treng eit knippe museum som kvar for seg og til saman kan tryggje fagleg kompetanse på nasjonalt nivå.

På museumskapitlet i statsbudsjettet var Nynorsk kultursentrum i 2003 framleis ein av 16 nasjonale kulturinstitusjonar der staten dekkjer heile det offentlege driftstilskotet. I 2003 fekk desse 16 institusjonane eit samla statleg tilskot på 164 mill kr. Av dette gjekk 4,1 % til Nynorsk kultursentrum, mot 4,2 % året før. Den samla løyvinga auka med 7,3 % frå 2002, mot ein auke på 2,6 % frå 2001 til 2002.

Eigeninntektene for dei ulike nasjonale institusjonane varierer mykje. Sett under eitt utgjorde desse 38 % av dei samla inntektene i 2003 (44 % i 2002), mot 24 % for Nynorsk kultursentrum.

Den offisielle museumsstatistikken frå Norsk museumsutvikling ligg føre så seint på året at vi her berre kan rapportere om gjestetel for 2002. På dette punktet var 2002 eit middels år for dei nasjonale institusjonane. Dette året gjesta 1 005 000 personar dei nasjonale institusjonane – 5 % færre enn i 2001.

Musea i Møre og Romsdal rapporterte om eit samla besøk på 207 000 i 2002. Av desse var 150 000 betalande. Som i 2001 stod Nynorsk kultursentrum for 9 % av det samla gjestetalet ved musea i fylket. Ved dei 24 musea i Møre og Romsdal som rapporterte for 2002, blei det utført til saman 85 lønte årsverk. Nynorsk kultursentrum stod for 12 % av dette.

Nynorsk kultursentrum har fleire betalande gjester enn det som er vanleg ved norske museum, men færre gruppegjester. Omsetninga pr. gjest auka frå 84 kr i 2002 til 109 kr i 2003. Det ligg ikkje føre offisiell statistikk som gir samanlikningsgrunnlag, men vi veit dette er høge tal til å vere i vår bransje.

## **13. Administrasjon og miljø**

Nynorsk kulturinstitusjon er ein ny institusjon som berre har vore i ordinær drift i tre år. Frå første dag har vi arbeidd med å utvikle og etablere effektive rutinar. Vi har altså ikkje hatt særleg tid til å leggje oss til forelda arbeidsmåtar eller ta på oss arbeidsoppgåver som ikkje heng saman med måla våre. Gode rutinar kan hindre dobbeltarbeid og sikre effektiv drift. Administrasjonen har alt gjort mykje med dette, og arbeidet held fram.

### **13.1 Bygg og anlegg**

Nynorsk kultursentrum rår over 5 bygningar og eit 30 mål stort uteområde i Ivar Aasen-tunet. I spørsmål kring utbetring og vedlikehald hadde administrasjonen også i 2003 god kontakt med professor arkitekt Sverre Fehn MNAL. Fleire mindre innreiingsarbeid teikna av arkitekten kom på plass hausten 2003.

Det blei halde treårssynfaring i Aasen-tunet 11.6. Med unntak av ei sak var alle feil retta før årsskiftet.

Arbeidet med å planleggje ny, større og permanent utescene tok til i juni. Den 1.12. blei eit forprosjekt sendt til arkitekt og relevante offentlege instansar. Det ligg til grunn for arbeidet at det ikkje er nødvendig å utvide uteamfiet.

### 13.2 Teknisk drift

Nybygget i Ivar Aasen-tunet er eit komplisert bygg med krevjande tekniske anlegg. Jamleg vedlikehald og dagleg tilsyn med desse anlegga blei prioritert høgt også i 2003. Dette året blei det vesentleg høgare vedlikehaldskostnader enn før. Ikkje minst sikra vi at dei mange pc-ane framleis er liv laga. Det blei kjøpt inn tenester for reinhald og vakthald, og det datatekniske samarbeidet med Høgskulen i Volda heldt fram i 2003.

### 13.3 Likestilling

Nynorsk kultursentrum fører ein målretta likestillingspolitikk som gir resultat. Fire av sju styremedlemmer i 2003 var kvinner, og det var kvinner som sat i posisjonane som styreleiar og rådsordførar. I leiargruppa sat det to kvinner og to menn i 2003, og blant dei fast tilsette var det fem menn og sju kvinner. Ved nyttilsetjing prioriterer Nynorsk kultursentrum formelle og reelle kvalifikasjonar, men vi ser også til at det over tid blir verande eit balansert forhold mellom tal på kvinner og menn i staben.

### 13.4 Arbeidsmiljø

I 2003 hadde vi 12 fast tilsette medarbeidarar, mot 10 året før, dessutan engasjementsavtalar med ei rekkje personar. Dette auka den samla kapasiteten mykje, men det blei etter kvart også tydeleg at vi ville for mykje. dette gjere det mogleg å redusere det samla arbeidspresset.

Det har ikkje vore nokon skader eller ulykker i meldingsperioden. Det samla sjukefråværet for fast tilsette utgjorde 9,0 % av den samla arbeidstida i rekneskapsåret, mot 8,8 % i 2003. To langtidssjukmeldingar gav store utslag.

Bedriftsfotballaget Ervingane, skipa hausten 2000, har også dette året vore med i bedriftsserien i Volda. Oppmann og nokre av spelarane er tilsette i Nynorsk kultursentrum.

I tråd med føresetnadene i det statlege lønnsoppgjeret blei det ikkje gjennomført lokale forhandlingar i 2003.

Verneombod i 2003 var Eirik Helleve.

### 13.5 Ytre miljø

Verksemda til Nynorsk kultursentrum er i hovudsak vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillet. Verksemda har ikkje skadd eller påverka det ytre miljøet i 2003. Sjøppel frå kontordrifta har vore sortert i papir og

ikkje-papir, dessutan spesialavfall. Nynorsk kultursentrum har i 2003 ikkje levert produkt som kan skape noko miljøproblem.

## 14. Økonomi og miljø

Forretningsideen til Nynorsk kultursentrum er basert på ei mangslungen verksemd med høg kvalitet som kjennemerke. Det økonomiske resultatet for dei ulike rekneskapsavdelingane – administrasjon, festspel, arrangement, utstillingar, kafé og butikk – var skiftande i 2003, men alle delane av verksemda drog i same retning og bygde opp under kvarandre.

**Tabell 2**  
**Gjester og omsetning i % etter sesong 2003**

	<b>Gjester</b>	<b>Omsetning</b>
Januar - mai	26	30
Juni – august	51	45
September - desember	22	25
<b>Sum</b>	<b>99</b>	<b>100</b>

Tabell 2 syner ei jamnare fordeling mellom sesongane enn det som er vanleg ved slike institusjonar. Det gjer det lettare å styre drifta og utnytte ressursane optimalt.

### 14.1 Investeringar og drift

Omsetninga i 2003 var på 9,6 mill kr mot 8,9 mill kr året før. Rekneskapan syner eit underskot på 344 000 kr etter finansinntekter, mot eit overskot på 82 000 kr i 2002. Den positive eigenkapitalen er dermed kraftig redusert og er no på 42 000 kr.

Det er fleire årsaker til det negative resultatet. Mest synlege er nokre større satsingar under Dei Nynorske Festspela og i kulturprogrammet som slo feil. Festspel og arrangement kom til saman ut med eit resultat på - 315 000 kr mot eit budsjettert overskot på 27 000 kr, vi hadde 50 % høgare straumkostnader enn budsjettert og uventa høge vedlikehaldskostnader på edb-sida. Ein del av dei auka kostnadene heng altså saman med nødvendig vedlikehald av driftsanlegg. Resultatet i 2003 kom som følge at eingongsprosjekt med høg risiko og følgde ikkje av strukturelle trekk som vil kome att fleire år.

Resultatet syner at det er nødvendig å forbetre budsjettstyringa og presse kostnader nedover. Likviditeten var ved nokre høve nokså pressa i 2003. Styret handsama årsprognose på styremøte i juni og september, med informasjon om justeringar på møte i desember. Faresignala var der i juni, men det var først mot slutten av året at alvoret kom til syne.



*Inntektene* auka med over 750 000 kr eller 9 % frå 2002, medan vi hadde budsjettert med ein auke på 2 %.

Billettinntektene auka med 10 % i høve til budsjett, mest fordi vi nådde målet om å selje vesentleg fleire billetter under Dei Nynorske Festspela. Totalt auka eigeninntektene med 14 %. Den viktigaste grunnen var at både butikken og kafeen greidde ei mykje høgare omsetning enn tidlegare år. Dei offentlege driftstilskotta frå fylkeskommune og dei to vertskommunane var på nivå med 2002. Medan andre offentlege prosjekttilskot før om åra har lege rundt 50 000 kr, greidde vi i 2003 å auke desse til 271 000 kr. Samla utgjorde eigeninntektene 29 % av alle inntekter i 2003, mot 24 % i 2002.

Generelt auka vi altså eigeninntektene mykje i 2003, med eitt unntak. Heller ikkje dette året lykkast vi å få heva dei små løyvingane til Dei Nynorske Festspela frå vertskommunane Volda og Ørsta. I 2003 passerte kasse-omsetninga 2 mill kr. Tabell 3 syner korleis omsetninga i kassa fordeler seg på dei ulike driftsområda.

**Tabell 3**  
**Kasse-omsetning etter driftsområde 2000-2003**

	Prosent
Billetter utstilling	16
Billetter arrangement	32
Butikk	15
Kafé og utleige	37
<b>Sum</b>	<b>100</b>

*Kostnadene* auka med om lag 1,1 mill kr eller 13 % frå 2002, medan vi også her hadde budsjettert med ein auke på 2 %.

Varekostnadene auka lite frå 2002, medan inntektene frå varesal auka kraftig. Derimot kjøpte vi for mykje tenester utanfrå. Ein vesentleg del av dette var høgare honorarkostnader til utøvarar enn vi hadde rekna med, og kostnader til sponsormeklar som vil vise att i sterkt auka sponsorinntekter i 2004 og 2005 samanlikna med 2003.

Lønskostnadene blei som budsjettert og utgjorde 50 % av kostnadene, mot 49 % i 2002. Også avskrivningar blei om lag som budsjettert og i samsvar med fastsett investeringsbudsjett. Drift av lokale blei mykje dyrare enn budsjettert særleg fordi straumkostnadene fauk i veret på eit tidspunkt då vi stod utan fastprisavtale. Ein del dårleg planlegging under Dei Nynorske Festspela gav også unødvendig meirkostnader. Det vi hadde planlagt av nødvendig vedlikehald, blei gjennomført.

Andre driftskostnader blei 13 % høgare enn budsjettert. Den viktigaste årsaka til dette var vesentleg høgare datakostnader enn vi hadde rekna med. I dette ligg mellom anna nødvendig vedlikehald av pc-ar. Vi gjennomførte i 2003 både budsjetterte vedlikehaldstiltak og nokre nødvendige tillegg.

For å ha flest mogleg kjende kostnader gjorde vi i august 2003 fastprisavtale med Tussa Kraft om straumlevering, på bakgrunn av tilbod frå eit utval leverandørar.

## 14.2 Samfunnsrekneskap

Nynorsk kultursentrum skapte verdiar for mange i 2003:

- 1 168 000 kr i skattetrekk og 638 000 kr i arbeidsgivaravgift, til saman 1 806 000 kr, mot 1,6 mill kr i 2002. Dette utgjorde 18 % av samla kostnader i 2003.
- 4,5 mill kr i bruttolønn, mot 3,5 mill kr året før. Frå og med 2000 har Nynorsk kultursentrum betalt lønn til personar busette i meir enn 60 ulike kommunar over heile landet.
- 680 000 kr i honorar til utøvarar ved kulturarrangement og under Dei Nynorske Festspela, mot 472 000 kr i 2002.

## 14.3 Sponsoravtalar

For 2003 hadde Nynorsk kultursentrum avtalar med 3 hovudsponsorar:

Sunnmørsposten, Tussa Kraft (frå 1.7.) og Widerøe's Flyveselskap. Dei Nynorske Festspela hadde i tillegg desse sponsorane: Bama, Brønne Mineralvatn, Gilde, H. I. Giørtz, Tine, Vestlandsbrygg. Nynorsk kultursentrum takkar sponsorane!

Via sponsormeklar Norsk Plan forhandla administrasjonen i 2003 fram sponsoravtalar med fem hovudsponsorar for tidsrommet 2003 – 2005 til ein bruttoverdi på om lag 1,9 mill kr. For perioden 2000 – 2002 hadde Nynorsk kultursentrum sponsoravtalar til ein bruttoverdi av 2,1 mill kr. Så langt har vi altså etablert sponsoravtalar til ein bruttoverdi av 4 mill kr, der om lag 25 % er i kontantar. Dette er mykje for ein såpass liten institusjon som vår, det er sær sars mykje for ein nynorskinstitusjon, og ganske sikkert langt over snittet for ein kulturinstitusjon. I årsrekneskapane dei fire åra 2000 – 2003 har vi ført sponsorinntekter på til saman 1,4 mill. Medrekna verdien av gratistenester har vi i tidsrommet 2000 – 2003 hatt faktiske sponsorinntekter på over 1,6 mill kr.

## 14.4 Vidare drift

Grunnfondskapitalen er på kr 220 000. Denne kapitalen står på renteberande konto i Sparebanken Volda Ørsta. Vidare drift er lagd til grunn for rekneskapen for 2003.

## **15. Disponering av resultat**

Årsunderskotet på 344 213 kr går til frådrag i eigenkapitalen. Stiftinga har ved årsskiftet ein eigenkapital på 42 104 kr.

*Hovdebygda, 31. desember 2003/26. mars 2004*

Kari Bjørke, *leiar*

Geir Atle Ersland

Kristian I. Hanto

Jan Heggheim

Eirik Helleve

Olaug Husabø

Margit Walsø

Ottar Grepstad, *direktør*